


# Bjerkreim Kyrkje

## 1835—1985



Bjerkreim

kyrkje

150

år

1985

## **Forord**

Festskrift for Bjerkreim kyrkjes 150 års jubileum blei vedteke i sak 4/83 av Bjerkreim sokneråd. Ein komite blei nedsett, som skulle arbeida ut eit forslag etter dei retningslinjene som soknerådet sette opp. Komiteen har bestått av: Lars Apeland, Oddmund Brundtland, Liv Gjedrem og Magnor Oma. Komiteen sto fritt til å søkja hjelp og stoff frå andre. Vi vil takka alle dei som har gitt oss lov til å nytta stoff fra skrifter som dei har utarbeidd tidlegare, og spesielt vil vi takka Ættesogelaget i Bjerkreim for den hjelpa dei har gitt oss, og alle dei andre som har ytt bidrag til dette festskriftet.

*Redaksjonskomiteen.*

## **Innhald:**

1. Forord
2. Helsingar
3. Utbetringar av Bjerkreim kyrkje
4. Sokneprestar i Helleland.
5. Soknet si historie.
6. På vandring....
7. Kyrkja, bygd i 1835.
8. Isachsen.
9. Uhl.
10. Oppbyggelseslitteratur i Ørsdalens
11. På kyrkjeveg.
12. Gravferdsskikkar.
13. Klokkarar.
14. Organistar.
15. Bjerkreim Menighetsråd.
16. Ved Bjerkreim kyrkje i gamle dagar.
17. Dikt: «Bjerkreim kyrkja».



1.

Halvt-anna sekel er kyrkja vår.  
Og enno stødt på sin stad ho står.  
Hev ho verkeleg stade so lenge?

Ætt etter ætt såg ho standa her.  
Eit verdig og vakkert syn det er.  
Attmed brusande å  
me ser henne stå,  
med tårn som seg tøyter  
mot himmelen blå.

Og kringom kyrkja  
stend knausar og fjell  
og lier og lundar  
og bakkehell.  
Eit fagert syn  
ifrå bryn til bryn.

Og klokka høgt oppe i tånet,  
ho kimte og kalla  
dei mange år.  
Og malmtone-klangen  
var rein og klår.  
Ho kalla på born og unge,  
på gamle med stegi tunge,  
på glade og dei som i sorgi står:  
Kom, og høyr himmeltonen!

2.

Den lukka, den skatt  
er useieleg stor,  
meir verd enn all rikdom  
på den aldrande jord:  
Å eiga Guds evige, levande ord,  
den lysande bodskap  
om Jesus Krist.  
I tiltru til han  
når me himlen til sist.

Ja, himmeltonen lydde  
i hundre og femti år,  
i sommar, haust og vinter  
og i den vakre vår,  
i ungdom og i alder,  
og lyste Herrens fred  
for tføyte pilegrimar  
når livsens sol seig ned.

3.

Og utanfor kyrkjemuren  
der ligg det grav ved grav.  
Der lagdest farne slekter  
når soli seig i hav.  
Men sjå, det kjem ein morgen!  
Då æve-soli renn.  
Og alle graver sprengjест.  
Og opp dei døde stend.

Å, sæle, lyse lovnad  
som skin på livsens ferd:  
I tru på Herren Jesus  
me når Guds gode verd.

So vil me honom fylgja  
på livsens pilgrims-gang,  
og sidan vera hjå han,  
i æva ljós og lang.

*Trygve Alvegeir Bjerkreim*



## Bjerkreim kyrkje 150 år

*Til lukke med jubileet! 150 år er i historisk samanheng ikkje nokor lang tid, men tenkjer ein på livet i ei bygd, femnar det fleire generasjonar og tusentals menneske.*

*Folket i Bjerkreim har høyrt kyrkjeklokka ringja dei mange søndagar og ved gravferd og bryllaup. Kyrkja har vore kjent og kjær for slektledd etter slektledd. Dei har kome til dette heilage huset med gleder og sorger, og dei har fått trøyst og nytt mot. Her har dei vore saman om nattverdbordet og teke imot tilgjeving for syndene, og livet i bygda har vore merka av at kyrkja sto der og peika med tåret mot himmelen.*

*No ved 150 års jubileet takkar vi Gud for alt det Bjerkreimkyrkja har betydd for alle dei som har vore døypte, konfirmerte og vigde, og for dei som frå denne staden har vore gravlagde.*

*Gud signe Bjerkreim kyrkje framleis, so at Guds ord må lyda klårt og reint frå prekestolen, og fleire og fleire må samlast om nattverdbordet og henta kraft til eit kristent liv i kvardag og helg!*

*Sigurd Lunde*




*Gratulerer med  
150 års jubileet!*

*Det er ei glede å sjå at Bjerkreim kyrkje står som ho skulle ha vore ny, nå 150 år etter bygging. Kyrkja og kyrkjegarden er eit av ansikta til kommunen utad. Gjennom desse kan me fort sjå lokal-samfunnet sin interesse og respekt for våre kristne tradisjonar. Eg er glad for at resultatet er så vellukka. Takk til soknerådet og komitear som har stått for arbeidet med kyrkja og jubileet.*

*Mitt ønskje er at kyrkja og det den representerer også i kommande generasjonar vil ha ein naturleg og sentral plass i folkeli-vet, og at dei åndelege og kulturelle verdiar kyrkja står for, må få ha betydning for den enkelte.*

*Med dette er tida kommen til at me kan gratulere kvarandre med kyrkjejubileet.*

*Olaf Gjedrem  
ordførar*



## Gratulerer med de 150 år

*Bjerkreim kyrkje har et budskap. Og budskapet er variert og omfattende. Det spenner fra vidnesbyrd om dem som har ansvar for huset til det mest sentrale i det evangelium huset er bygd for. Derfor kan en «lese» mye ved å se på kirkebygg og kirkegård i ei bygd.*

*I dag er vi glade for det vidnesbyrd kyrkja vår avlegger i sin ytre form. Nå er den i en stand som fryder oss.*

*Men også etter sin indre form virker kyrkja forkynnande. I Bjerkreim kyrkje er budskapet klart, og det er sentralt: Mennesket blir rettferdig av Guds nåde, ved tro!*

*Kommer du inn i kyrkja og lar interiøret tale til deg, blir dette helt tydelig. Her er du på det sted der Guds gaver deles ut. Alter, med bord og tavle, døpefront og prekestol, alle er de der for å tjenne denne ene hensikt: Å være redskaper til formidling av Guds nåde.*

*Og gavene er for alle. Her er ingen forskjell. Heller ikke Gud gjør forskjell. Han gir det samme til alle som vil ta imot. Derfor blir det et vidnesbyrd det og, å gå i dette hus. Du bekjenner ved ditt nærvær at du trenger denne Guds nåde. Du trenger alt det som her holdes fram.*

*Og nettopp dette er Kyrkja i Bjerkreim bygd for: Å være et sted der Guds frelse deles ut.*

*Så er mitt ønske og bønn at mange vil gjøre bruk av det kyrkja har å gi, til Guds øre og til menneskers evige vel!*

*Oddmund Bründtland*



## 150-årsjubileet i 1985

Det var ikkje få gonger at soknerådet vart møtt med dette spørsmålet først på 80-talet: «Når skal de gjera noko med tårnet på Bjerkreim, det ser så fælt ut?» Og svaret måtte bli: «Nå har det gått godt gjennom alle stormane dei siste åra, det må kunna hanga eit par år til.» Og kledningen hekk på eit vis heilt til vinteren 84. Då begynte det å sleppa for alvor, men betre kunne det ikkje passa, for alt 17. mars stilte 10-15 «dognefolk» og snøydde både sør- og austsida for kledning. Strålande ver, og slik heldt det seg heile våren og sommaren. Ein dag var rusken og sur. Den dagen kom blekkslagarane og monterte takrenner og snøfangarar. Det var einaste dagen fram til slutten av mai då kledningsarbeidet var ferdig, at veret gjorde arbeidet vanskeleg.

Soknerådet hadde lenge vore klar over at utbetringsarbeidet måtte bli omfattande. Alt i 1982 vart Ola Birkeland, Johan Bjerkreim og Ivar E. Espeland valde til byggjenemnd. Nemnda fekk vita at liknande arbeid vart utført ved Timekyrkja og reiste nokså fort ned for å orientera seg. Merkeleg nok, fekk ein vita seinare, den komiteen som i si tid var ansvarleg for å reisa Bjerkreim kyrkja, reiste og til Time.

Soknerådet arbeidde seg etter kvart fram til fylgjande prosjekt som burde gjennomførast:

#### Kyrkjegard og bårehus.

Steinmuren på vestsida av kyrkjegarden hadde i mange år vore til irritasjon.

Ein hadde alt begynt å leggja steinheller på veggen frå port til kyrkjetrapp i 1981. Arbeidet burde fullførast fram til bårehuset. Sjølve kyrkjegarden burde rustast opp med tilplanting og planering mellom anna.

Etter soknerådets oppfatning var der behov for toalett i kyrkja, men rådde til å løysa det ved tilbygg til bårehuset (bygt i 1975). To handikapptoalett og eit lite oppholdsrom for kyrkjegardsarbeidarar og gravarar var ynskieleg.

#### Kyrkjebygningen.

Skifte av kledning. I Time vart det beste av den gamle brukt om att, det måtte kunna gjerast hos oss og. Veggene skulle isolerast, (himlingen vart isolert i 1979), nye vindauge i tårn og skip, styrking og utbetring i tårn, innvendig og utvendig måling.

I lang tid hadde ein arbeidd med å få til ein rullestolrampe ved inngangen i nord, den kravde både takrenner og snøfangarar.

Etter kvart kom og dette med brannsikring inn, montering av automatisk brannvarslingsanlegg. Og til sist: luftfuktingsanlegg for å verna trevirke og instrument.

Riksantikvaren vart orientert om planane. Soknerådet fekk gjennomslag for det meste, men møtte motbør på to av prosjekta. Riksantikvaren kunne ikkje tilrå utskifting av kledning i større omfang. Bare kledning som var roten, kunne skiftast, og Riksantikvaren hadde vurdert kledningen slik at det viktigaste som trengdest, var god skraping og måling.

Det same galde vindauge.

Soknerådet tykte dei vart vel sterkt hemma av dette og sende li-

kelydande søknad til Stiftsdireksjonen og fekk der gjennomslag på alle punkt.

Det må seiast at soknerådet vurderte dette med kledning helst sett frå ein praktisk synstad. Når ein først var i gang med arbeidet, og hadde reist omfattande stillas, var det betre å skifta litt for mykje enn for lite.

Utskifting av vindauge i skipet gjekk ein seinare bort frå då ein etter kvart oppdaga at dei var i betre stand enn ein først hadde tenkt.

Då kledningsarbeidet kom i gang, viste det seg at Riksantikvaren ikkje var orientert om Stiftsdireksjonen si godkjenning av arbeidet. Ein representant frå Riksantikvaren uttala i samtale at viss dei hadde vore klar over dette, hadde dei anka avgjerda inn for departementet.

La det vera sagt at soknerådet og bygdefolket er glad for at det gjekk som det gjekk.

Etter kvart som arbeidet skreid fram utover våren under stor dugnadsinnsats, syntet det seg at kledningen på sørveggen og tåret var lite verd. Noko anna var det på nordveggen. Men på grunn av at borda var spikra i falsane var det vanskeleg å få dei heile ned. Difor fekk ein ikkje nytta opp att så mykje som ein hadde håpa på.

Leiaren for arbeidet, Johan Bjerkreim, sa at hadde det ikkje vore for isoleringa, skulle ein aldri ha teke ned kledningen på nordveggen.

# Utbetringar ved Bjerkreim kyrkje


## Hundreårsjubileet i 1935

Soknepresten, Johan Uhl, var då formann i menighetsrådet. Det var han og snekker Gabriel Ødegård som var opphavsmenn til alle endringane som vart gjort.

Golvet i nedre del av skipet (frå døra og fram til omnane) var ein god del høgare enn resten. Frå omnane og fram til koret låg det ein stor stokk på kvar side som folk måtte stiga over når dei skulle inn i benkeradene. Først senka dei golvet bak slik at det kom i høgd med framre del, og dei stokkane vart fjerna. Til slutt spikra dei golvbord over heile skipet slik at golvet her vart dobbelt.

Dei gamle benkene var rette i ryggen og ikkje særleg gode å sitja i. Gabriel Ødegård fekk reint tilfeldig sjå eit interiørbilete frå Tromsø domkyrkje i eit vekeblad, og på grunnlag av dette biletet greidde han å arbeida seg fram til måla. Benkene vart laga ferdig vinteren 34-35 i ein gammal meierisal. Utbetringsarbeidet i kyrkja tok til rett over påske og varde heilt fram til hausten. Jubileumsdagen var andre søndag i september. Dei nye benkene tok meir plass slik at det vart ca. 150 færre sitjeplasser. Ikkje alle var fornøgde med det.

Både barnekammerset og prestekammerset vart utvida. I tillegg vart det laga ny dør ut frå prestekammerset.



*Interiør fra Bjerkreim kyrkje før restaureringa i 1935.*

*Foto: T. H. Torjusen/Dalane Folkemuseum.*

Heile taket innvendig fekk ny panel. Spikra på den gamle. Den gamle panelen var lik utvendig kledning.

I taket over koret går det nokre bogar med utformingar. Desse vart påtenkte av Uhl og Ødegård og skal førestella kornaks med moge korn. Kornbandet i midten er større enn dei andre. Dette fordi kornbanda i 1935 var større enn dei i 1835 og eldre tider.

Prekestolen vart senka ein del og trekt lenger tilbake. Uhl ønskete å «komme nærmere sin menighet».

Glasrutene og sprøysane er fra 1835. Kyrkjetenarane hadde opp gjennom åra vore svært trugne med å lukka føre skoddene når uver var i vente. Rett etter 1935 vart skoddene fjerna, og heilt fram til 1974 stod vindauge utan noko vern. Då vart det montert heile glasruter på utsida.

Søren Olsen frå Helleland stod føre arbeidet med innvendig måling.

Tilbygget til bårehuset vart ein ferdig med før ein starta opp med arbeidet på kyrkja. Her fekk ein som tidlegare nemnt, rom for to handikapptolett og eit lite opphaltsrom for kyrkjegardsarbeidarar/gravar.

Henrik Laksesvela hadde teke på seg arbeidet med steinmuren på vestsida. Dette vart så vellykka at han fekk i oppdrag å mura ei liknande på austsida.

Steinlegging av vegen fram til bårehuset og opprustinga av kyrkjegarden elles, gjekk etter planen.

Området mellom kyrkjegardsmuren i nord og vegen frå porten til trappa, er lagt ut som enkelt parkanlegg.

Vinteren 1985 vart kyrkja måla innvendig under leiing av Marton Skårlund. Dette arbeidet vart meir omfattande enn ein først hadde rekna med. Det syntet seg at ein først måtte fjerna den gamle målinga før ein kunne ta fatt på ny.

Automatisk brannvarsling med direkte tilkopling til telefonline er montert.

I dei siste åra før utbetringsarbeidet, hadde kyrkja vore meir oppvarma enn før. Dette gav seg utslag i oppsprekking i treverk, ustemente instrument m.m. Av den grunn har ein installert to luftfuktatarar. Ein framme ved altartavla og ein ved orgelet.

### Altartavla.

Mange hadde kommentert altartavla dei siste åra og spurt når den skulle utbetrast.

For å gjera ei lang historie kort, så vart resultatet ei lett reinsing og nokre små oppfriskingar. Grunngjevinga frå Riksantikvaren var at tavla i Bjerkreim er den einaste av tilsvarende tavler i Rogaland som ikkje er førde tilbake til si opphavlege form. Tavla er måla over fleire gonger sidan ho var ny, siste gongen av Ivar Moland då tavla vart flytta over frå den gamle til den nye kyrkja.

Riksantikvaren konkluderte: «Vi finner det derfor ikke riktig at også denne tavlen får de synlige spor av dens historie utradert ved at den restaureres tilbake til et tidligere utseende.»

Ein har montert små lyskastarar for å tilføra meir lys, og resultatet er overraskande bra.

### Dugnadsinnsats og finansiering.

Ein kan ikkje skriva om utbettingsarbeidet utan å nemna den omfattande dugnadsinnsatsen.

Det starta ved at kommunestyret frigav ein kommuneskog til kyrkja. Felling, transport og saging vart for det meste gjort på dugnad. Tømmeret vart selt innanbygds, og resultatet vart snautt 92 000. Ved kledningsarbeidet var det jamnt to frivillige kvar dag. Bygda vart delt inn i roder slik at alle visste når det vart deira tur. Så å seia heile opprustningsarbeidet på kyrkjegarden er gjort på dugnad, og slik kunne ein halda fram.

Når det gjeld finansieringa, har kommunen teke tyngste taket, men både private, organisasjonar og banken har skote til gode summar.

Ein kan ikkje slutta av utan å retta ein takk til alle som på ulikt vis har vore med og gjort sitt til at ein nådde målet som vart sett.

## **Sokneprester i Helleland prestegjeld**

- 1978 - : Oddmund Brundtland  
1967 - 1978: Bjarne Bø  
1959 - 1966: Johannes Theodor Hovda  
1927 - 1959: Carl Johan Uhl  
1923 - 1927: J. Hodnefjeld  
1920 - 1923: Trygve Bergh  
1920: Sigurd Langeland (Vikar)  
1917 - 1919: Bjarne Augen Hexeberg  
1912 - 1916: Boye Mathias Holt  
1906 - 1911: Johan Didrik Tande  
1897 - 1906: Torvald Egidius Isachsen  
1885 - 1896: Tomas Fasting Hysing  
1878 - 1885: Rasmus Elias Marius Lampe  
1864 - 1878: Gabriel Andreas Heiberg  
1844 - 1864: Jens Schmidt  
1829 - 1843: Hans Lund  
1823 - 1829: Jørgen Meldal  
1790 - 1823: Gerhars Henrik Reiner  
1761 - 1790: Nils Andreas Rasmusson Wibye  
1756 - 1761: Rasmus Wibye  
1732 - 1756: Søren Gerhardsen Meidell  
1712 - 1732: Anders Pedersen Bircherod  
1691 - 1712: Hans Seehusen

## Soknet si historie

Snorre fortel at Håkon den gode delte opp landet i skipsreider. Det var grendekrinsar som var store nok til å rusta ut eit skip med fullt mannskap for å verna landet. Rogaland (Rygjafylket) vart delt i 32 skipsreider, og eitt av desse var «Tenxadale» skipsreide som Bjerkreim er kalla i dei gamle kjeldene. Skipsreida gjekk heilt ned til sjøen ved Tengs, og der stod leidangskipet. Til Tenxadale høyrdet då fleire gardar langs Bjerkreimselva som no hører til Eigersund, mens Torveheia truleg høyrdet til Ogna.

Tengesdal var då sentrum i bygda, og her var og tingstaden frå gamalt av. På lyngmarka ved Vaulabrua på Tengesdal viste, før dei dyrka, merke etter tingstaden. Det var ein stor ring som var oppspadd og som dei sat i når dei hadde ting. Mykje tyder og på at den første kyrkja i Bjerkreim, ei stavkyrkje, stod på Tengesdal, for det var mellom anna ein gammal skikk å ringa med kyrkje-klokkene når tinget vart sett.

Den første tida etter at kristendommen fekk feste i Bjerkreim, er det truleg at dei hadde preik ved hedlerar og ved oppsette krossar. Det viser mellom anna dei mange kyrkjesteinane i Bjerkreim. Den finaste av dei ligg på Hegelstad, og det er og kyrkjestein på Svela og på Birkeland. På Tengesdal er det Kyrkjehedleren og Kyrkjeknuten, og på Eikeland er Stora og Litla Kyrkja og Kyrkeberget. Ved Ognedal heiter det ein stad Krosshaug, noko som kan tyda på at det har stått ein kross der.

Rundt år 1150-1200, som dei eldste stavkyrkjene skreiv seg frå, blei det etter alt å døma bygd ei stavkyrkje på Tengesdal. Det er og ting som tyder på at det etter kvart kom ei kyrkje lenger opp i bygda, ein stad mellom Vikesdal og Ivesdal. Etter ei gammal segn stod denne kyrkja på Liknes ved Eikeland. Det er og gissa på at det var ei kyrkje i Ørstdalen.

Etter Svartedauen, år 1349, forfall kyrkjene avdi det var att for lite folk til å halda dei ved like. Kyrkja på Tengesdal vart flytt til Bjerkreim. Bjerkreim sokn er første gong nemd i eit diplom frå 1388, og i 1403 blei jord kjøpt av bøndene på Bjerkreim og lagt til kyrkja. Det er då truleg at den kyrkja som brann på Bjerkreim i 1628 var den første kyrkja, - bygd i slutten av 1300-talet.

I 1628 blei det bygd ny kyrkje. Den var mykje mindre enn den nåverande, sjølv om den, på grunn av folkeauken, blei påbygd

tidleg på 1700 talet. Utvendig var kyrkja utan kledning, bortsett frå tårnet som var kledd med spon av eik. Innvendig var kyrkja open heilt opp til sutaket, og ned frå mønet hang ein modell av eit orlogskip. Stolryggene var fint utskorne. Desse og anna material frå kyrkja blei selde på auksjon då den blei riven i 1835. Ein stolrygg er å finna på Dalane Folkemuseum.

### **Prestegjeld.**

Samstundes med at kyrkja blei flytt til Bjerkreim, blei prestegjeldet nyskipa: Heskestad, Helleland og Bjerkreim. Det høvde då godt at presten budde på Helleland, sjølv om Bjerkreim var hovedsokn og tienda frå Bjerkreim var like stor som frå Helleland og Heskestad i hop.

Men i 1820 vart Heskestad fråskild og tillagt Lund. Dermed tek striden om å få skilja Bjerkreim ut som eige prestegjeld til. Folket var lite tent med at presten budde i utkanten av prestegjeldet. Veiene og bruene var dårlige, og det var langt for presten når han til dømes skulle til Bjordal eller Maudal i sjukebesøk. Det blei derfor eit stadig stigande krav å få Bjerkreim som eige prestegjeld med eigen prest og ei ny kyrkje i Øvrebygda. Men departementet ville ikkje gå med på dette, og kommunen hadde heller ikkje råd til å byggja ei kyrkje til. Somme beklaga då at kyrkja ikkje hadde blitt flytt til Vikeså då dei bygde ny. Det var og på tale å leggja deler av bygda til andre prestegjeld som Lye og Gjesdal. Men heradstyret hadde lite lyst til at bygda skulle delast i to prestegjeld.

### **Ivesdal kapell.**

Saka om Bjerkreim som eige prestegjeld var nå handsama i heradstyret mange gonger, og det var meir og meir enighet om at det måtte byggjast ny kyrkje i Øvregygda. Men staden der kyrkja skulle stå blei forandra fleire gonger. Både Skjæveland og Espeland er nemde, og lenge heldt dei på Malmei. Departementet hadde visst og føreslege Vassbø, men etter kvart stod det mellom Asheim og Ivesdal. Torger P. Asheim baud då gratis tomt for kyrkja og kyrkjegarden i Mons-hagen på Asheim, og denne staden blei vedteken. Men folk i Espelands- og Eikelands-krinsen ville ha kyrkja på Ivesdal, og det blei sendt brev til departementet som etter dette bestemte at kyrkja skulle stå på Ivesdal. Folket på Asheim og Nordgardane ville nå byggja kyrkja gratis dersom ho blei ståande på Asheim, men kyrkja blei likevel bygd på Ivesdal i 1876.



*Ivesdal kapell.*

Men ennå ville dei ha Bjerkreim som eige prestegjeld, og i alle fall ville dei at presten skulle bu i Bjerkreim. Gardane Fjermedal, Odland og Røysland var funne eigna som prestegardar, men departementet gjekk ikkje med på noko av det. Kring århundreskifte stilna det av med dette arbeidet. Det blei då halde fleire forskjellige vekkelsesmøte rundt om i bygda, og det oppstod og forskjellige sekter som alt gjorde sitt til at det blei mindre interesse for denne striden.

(Materialet til denne artikkelen er samla og sett saman av Ættesogelaget.)

## På vandring gjennom kyrkjesoga i Bjerkreim dei siste 150 åra

### Dei sterktruande og haugianarane

Artikkelen er forfatta av MAGNOR ERLEND OMA.

1800 talet var på mange måtar ei gjæringstid i det norske samfunnet. Såleis var det også når det galt kyrkje og kristenliv som er ein svært viktig faktor i det norske samfunnet.

Medan Napoleons krigane raste på det verste ute i Europa, reiste ein ung mann frå Austfold over store deler av landet. Kor han for fram, blei det skapt noko nytt. Og dette reagerte folk ulikt på. Hans Nielsen Hauge må seiast å ha vore ein plogspiss som rydda nytt land på fleire område i det norske samfunnslivet. I menneske-sinna kunne han skapa ein lenge etterlengta fred, men stundom blei det også raseri og stor uvilje.

Også her på desse traktene var Hauge på gjennomreise. Så vidt ein veit for han to gonger gjennom Bjerkreim. Endå står huset i Åsen der Hauge heldt «oppbyggelse». Den sjølvrådige og særeigne presten som rådde i prestegarden på Helleland, Gerhard Henrich Reiner, kunne i brev til biskop Hansen i 1804 fortelja at no for det så mykje ungdom frå Bjerkreim at ein hadde vanskar med haustvinna. Det skulle vera Hans Nielsen Hauge som skulle ha fått dei på tankar om å fara til Bergen. Så vidt ein kjenner til for den 17 årige Amund Helland til Bergen. Han slo seg opp som handelsmann og vart seinare rekna som ein hovding mellom Haugianarane.

Noko seinare reiste ein 20 åring frå bygda for å tena kongen og fedrelandet. Det var den seinare vidjetne Knut Spødervold. Han var fødd i 1791 på garden Spødervold i Bjerkreim. I 1807 blei han konfirmert av Reiner. Som ungdom hadde han vist uvanleg inn-sikt og interesse for Bibelen og luthersk lærespørsmål. Militærtenesta førde Spødervold gjennom Austfold og til svenskegrensa. Det høvde seg slik at han var innom heimen til Hauge. Den skildringa han gjev av Hauge sin barndom og heimeforhold viser at han hadde lite til overs for det Hauge og haugianarane stod for. Og han såd det nærast som eit kall å motarbeida denne rørsla. I denne kampen må vi rekna med at han hadde god støtte frå enkelte prestar mellom anna soknepresten i Helleland.

Knud Spødervold hadde ein bodskap han ville gje folket. For det første meinte han at folket og prestane var komne på avvegar. Ein måtte venda attende til reformasjonen og den første tida etter denne - dvs. 1600 talet. Denne tida såg nok Spødervold på som «gullalderen» i kyrkjesoga. Ein måtte attende til Luther og til kjernen av det han stod for. Og det som då stod klart for S. var ordet TRU. Ein var etterfødd av *tru åleine* - utan gjerningar. Denne bodskapen hadde Hauge forvanska og forvrengt, slik at kristendom vart gjerningskristendom. Og dette var denne falske læra som andre pietistar (haugianarar, brødrevener og kvekarar) førde folket vill med.

Spødervold såg nok på seg sjølv som ein reformator - ein Luther på norsk jord. Og med eit slikt livskall var han ikkje nådig. Når ein i tillegg til dette veit at soknepresten i Helleland, Reiner, var mykje av same personlegdomstypen som S. og delvis oppfatta Haugianarane på same måten, var det ikkje lett å vera aktiv Haugevin i Bjerkreim. Ser ein det gjennom slike brillar, er det ikkje så underleg at mange Haugianarar reiste frå bygda. Ein kan nemna Jonas Pedersen Birkrem f. 1782, Peder Skjæveland f. 1782, Torgor Skjæveland f. 1777 og Ketil Aarstad (Kalveskog) f. 1770.

Men Spødervold slo seg ikkje til ro med verksemda i Bjerkreim. Han og fleire reiste og vitja grannebygdene. Ein veit såleis at dei er vel kjende i Helleland, Egersund, Høgsfjord, Sirdal og Åseral. I følgje med Knud og ofte åleine reiste Erik Eriksen Espeland, Svale Gjedrem, Villads Tollesen Bjerkreim og Arnbjørn Varp. Ein sokneprest på Jæren skal ha sagt at «de omfarende predikantter fra Birkrem var en sand landeplage».

Spødervold sine evner låg mykje meir på det teoretiske plan enn på det praktiske området. Med gardsdrifta gjekk det så som så. Etter å ha kome i klammeri med grannar både på Spødervold og i Helleland, flytta han til Stavanger. Her fekk han etter kvart eit kummerleg tilvære, han vart etter kvart lutfattig og sjukleg. Likevel fekk han arbeidd ut livsverket sitt boka «Guds Naades Huusholdning», som seinare gjekk under namnet «Knudabogje» på folkemunne. I denne boka tek han eit kraftig oppgjør med alle villfaringane i tida - og det var omtrent alt kristenliv utanom det han stod for sjølv.

Utetter i 1840-50 åra stilna det noko kring dei sterktruande, men nye leiarar stod fram og skapte nytt liv kring dei gamle lære-

setningane. Sirdølen Torkel Hammersmark skulle bli den som førde rørsla vidare. I 1850 kom han til Kristiansand og det skulle bli denne byen som blei sentrumet for vidare arbeid ei tid frametter. Her bygde dei «Torkild sitt bedehus», her gav dei ut «Torkild sitt testament» og her dreiv dei privatskule. Denne verksmeda vart alt på 1950 talet kalla for Samfundet.

I 1860 åra knytta Hammersmark til seg Hellelandbuen Bernt Berntsens Lomeland som lærar i privatskulen. Dermed blei banda mellom Kristiansandsområdet og Egersundsdistriktet knytta fastare. Seinare blei Lomeland arkitekten bak skipinga av kyrksamfunnet «Samfundet» i 1890. På folkemunne er denne retningen kalla «Lomelendingar».

I Bjerkreim var det meir stilt kring dei sterktruande. Ein veit at Svale Gjedrem var med på samlingane dei sterktruande hadde i Egersund like til ut i 1870 åra. Villads Tollefsen Bjerkreim tok seg eindel turar austetter like til Åseral. Det som skapte meir uro mellom dei sterktruande var innføring av ny lesebok, eindel endringer i ritualet til kyrkja og innføring av Landstad si salmebok. Det var desse emna Lomeland hadde som tema då han glødde opp dei sterktruande, og nett her traff han mykje folk «heime».

## **Dei sterktruande skipa kyrkjelyden Samfundet og Per Gravdal får seg eigen kyrkjelyd.**

Det heile bygde seg opp til eit brot som kom i 1890. Likevel blei ansvaret for brotet lagt på statskyrkja, fordi det var statskyrkja som hadde gått ut av statskyrkja og denne rette statskyrkja blei ført vidare av Samfundet. Samfundet bygde seg kyrkjer både i Egersund og på Helleland, og i 10 års perioden frå 1890 og utetter melde over 60 born og voksne Bjerkreimsbuar seg ut av statskyrkja for å gå inn i Samfundet. Og stort sett var det folk frå nedrebygda som slutta seg til den nye kyrkjelyden.

Ein utflytta Bjerkreimsbu kom til å spela ei hovudrolle i kyrkjelyden Samfundet. Det var Peder Olsen Nodland, som var fødd på garden Gravdal i Bjerkreim. Han er best kjend under namnet Per Gravdal. I 1895 vart han vald til viseforstandar i Samfundet, og 5

år seinare, i 1900, vart han etter noko fram og tilbake vald til forstandar. På tross av små kunnskapar - han var ikkje skrivefør - hadde han ein eigen måte å få makt over folk. Straks han hadde sett seg i «hyrdestolen» begynte han å kritisera gamle bispen B.B. Lomeland. Det var Per som lærde med den rette ånd, ikkje Lomeland. Lomeland som nyleg var død hadde likevel mange tilhengjarar i kyrkjelyden, og det braut ut open strid. Per og flokken hans gjekk tapande ut or denne striden og blei ekskludert med attest på nyåret 1901. Kort tid etter danna dei eigen kyrkjelyd som fekk namnet Det almindelige Samfund. Peder Olsen Nodland blei forstandar i dette samfunnet med omtrent uinnskrenka makt. Dei fleste Bjerkreimsbuane som før var medlemer i Samfundet ser ut til å ha følgt Per. Dei bygde seg eiga kyrkje ved Krossmoen og starta også eigen skule.

## **Andre åndsretningar når Bjerkreim**

Medan dei sterkttruande stridde for sine prinsipp og si lære og enda opp som frikyrkje, bles det nye åndvindar over bygda. Nokre sneia så vidt innom medan andre slo ned og sette sterke spor etter seg.

Den første nye åndsbølgja høyrer vi om i slutten av 1820 åra. Det var Carl Chr. von Bülow som starta misjonsforening i Stavanger og ivra ein del for dette arbeidet. Dei gongene han var i Bjerkreim, samla han mykje folk. Seinare blei han arrestert på grunn av den store tilstrøyminga. Styresmaktene såg kanhenda ein opp-viglar i von Bülow.

## **Fråhaldsrørsla - Indremisjonen og Kina - misjonen gjer sitt inntog i bygda**

Rundt århundreskiftet vart det etterkvart ei åndeleg grotid i Bjerkreim. Perioden frå 1870 og fram til 1940 åra var prega av små og store vekkingar. Fleire av desse greip djupt i folkelivet, og for mange vart det vending som varde livet ut. Mange fekk no retta livet sitt mot aktivt kyrkje og kristenliv der misjonsengasjement blei fruktene av det nye livet.

Den rørsla som tykkjест ha grepe sterkest om seg og som fekk størst påverknad, var Kinamisjonen seinare Misjonssambandet. Kinamisjonen starta organisert verksemd for omlag 100 år sidan. Dette er ei typisk lekemannsrørsle, som alltid har drive sitt eige sjølvstendige arbeid som var knytta til heimane og bedehusa. Sidan Kinamisjonen arbeidde så sjølvstendig blei kontakten med kyrkja liten, stundom kunne det verka som kyrkja og Kinamisjonen vart motpolær. Ludvig Hope, ein av dei betydelege leiarane i Kinamisjonen, sa det slik: «Vi er i kyrkja, men ikkje under kyrkja». Kinamisjonen sitt tilhøve til kyrkja har nok også veksla eindel frå stad til stad, i nøyne samanheng med leiarskapen i både kyrkje og misjon. I tillegg til dette må nemnast at Kinamisjonen alltid har hatt eit sterkt pietistisk drag og etter måten konservativt syn på mange spørsmål.

I 1870 åra gjesta Asbjørn Kloster bygda og med han kom frå-haldsrørsla til bygda. Avholdersrørsla fekk mange vener i bygda, men deira påverknad var avgrensa og verka som ei oppbløming som etterkvart kom meir i bakgrunnen. Det blei skipa lag med over 300 medlemmer.

Omkring samstundes kom det som vi seinare kallar Landsindremisjonen til bygda. Den kjende presten og vekkingstalaren Lars Oftedal styrde Lye prestegjeld. Oftedal hadde eindel møte i nordgardane, og det braut snart ut vekking i denne delen av bygda. Vekkinga breidde seg vidare til den øvre delen av bygda, der læraren Anders J. Sundvor kom til å bety mykje for det kristne arbeidet. I slutten av 1880 åra vart det første indremisjonslaget skipa i Bjerkreim. Laget vart oppløyst etter berre to år, det kom seg av at bønemøte på kne vårt oppfatta som svermeri, og ein likte ikkje at kvinner vart nytta til talarar. På trass av dette vart laget reorganisert av Ole Foss, Tollef Malmei og Anders J. Sundvor.

## **Den sterkeste impulsen i bygda var likevel Kinamisjonen**

Rørsla fekk sterkest tak på folket i nedre-bygda Ognedal, Bjerkreim og Tengesdal skulekrinsar. Ei ny rørsle blir som regel alltid fødd i motgang. Heller ikkje kinamisjonen gjekk klar motstand i Bjerkreim. I øvrebygda fekk kinamisjonen eindel motbør.

Vekkingane vel Elisabeth Hovda skapte grobotn for kinalag, men etter eindel uro og motstand vart desse laga anten oppløyste eller hindra skipa. I trettiåra starta Torleif Hølland og Norvald Espedal kinalag, også dette arbeidet vart møtt med skepsis, men arbeidet vart førd vidare og er i dag i god gjenge.


## **Sigbjørn Modalsli og Kinamisjonen vekkjer folket på Bjerkreim**

Men det var i nedrebygda at Kinamisjonen fekk skikkeleg gjenomslag i folket. Ein kan undra seg over kva det er som gjer ei rørsle god inngang ein stad, mens det vert tyngre andre stader. I denne samanheng vil ein hevda at god leiarskap betyr mykje, vidare om det finst grobotn frå før - om sådde frø berre venta på sol og varme nok til å spira og endeleg om det er drag i folkelivet som finn gjenklang i den nye rørsla. Dette er vurderingar som ein kjem attende til, men først skal vi sjå litt på kva som skjedde og korleis det gjekk.

Pauline Brattebø oppmoda Abigail Bjerkrheim til å ta kontakt med Sigbjørn Modalsli som reiste for Kinamisjonen. Modalsli kom, og det blei vekking. Resultatet av denne vekkinga var at mannen til Abigail, Tønnes T. Bjerkrheim, seinare kom i tru. Han blei ei leiande kraft i arbeidet like til han og familien flytte til Austlandet i 1913. Mauritz Birkrem og kona hans Inger - jordmora, kom tidleg med i arbeidet for kinamisjonen. I deira heim vart det første frie nattverdmøtet halde. Berre få var tilstades og Modalsli var med. Den frie nattverdspraksisen skapte mykje strid kringom i mange bygder i denne tida. Inger Birkrem og fleire med henne fekk snart augo opp for at misjonsarbeid ikkje kan drivast utan midlar. Ho var med og organiserte auksjonar og basarar til misjonen alt kring århundreskiftet. Frå anna hold vart det reagert på dette med innsamlingar til frivillige fattigpleie, m.a. vart ofringar i kyrkja nytta til dette føremålet. Det blei elles skipa fleire kvinneforeningar som arbeidde for Kinamisjonen.

I 1907 kom Bjørn Åsbø til Bjerkreim og med han ei ny gjenomgripande vekking. Resultatet av denne vekkinga var m.a. at Bjerkreim bedehus vart reist på tomt gitt av Tønnes T. Bjerkrheim. Styret for huset vart tilslutta Det Vestlandske Indremisjonsforbund og slik har det sidan vore. Det var alt i 1901 skipa lag til-

slutta Vestlandske Indremisjon både på Bjerkreim, Ognedal og Tengesdal. Etter vekkinga i 1907/08 blei arbeidet organisert slik at ein skulle ha møte rundt i krinsane den søndagen det ikkje var preik. Det blei såleis eit verksamt lekfolk med Tønnes T. Bjerkheim, Restsius Versland og fleire.



*Tønnes T. Bjerkheim i lag med sonen Trygve i heimen på Austlandet.*

Gudrun Bjerkheim, dotter til Tønnes og Abigael, gjekk vinteren 1907/08 på Framnes Ungdomsskule. Då ho kom heim derifrå starta ho søndagsskule og barneforening. Gudrun gifte seg seinare med Arne Gjedrem. Ho gjorde ein veldig innsats for misjonen så lenge ho levde.

I tjugeåra var det på ny vekking i nedrebygda. Det var Olav Hovda, gift med søster til Gudrun Bjerkheim, som stod som forkynnar. Om denne vekkinga er det sagt at ho var innom mest kvar gard på Gjedrem.

I trettiåra er Olav Hannisdal nemnt, og resultatet av den vekkinga var Bjerkreim Musikklag. I 1935 vart musikklaget skipa med Ivar Espeland som leiar, seinare vart arbeidet førd vidare av sonen Per.

## **Bjerkreim Kristelege ungdomslag blir skipa**

Den siste store vekkinga kom med Thorvald Heggdal i 1940. Han nådde serskilt mange ungdommar. Og i 1924 vart Bjerkreim kr. ungdomslag skipa. Olaf Bakke vart vald til den første formannen og medlemstalet låg kring 40. Det var semje om at laget skulle stå fritt utan organisasjonstilknytning, men at medlemene skulle vera aktive i dei misjonsorganisasjonar som fall naturleg for dei. Ungdomslaget skipa fire år etter kvarnadre sommarskule på Bjerkreim som samla mykje folk frå heile distriktet. Sommarskulen vart første gong avvikla 1943 og varde 4-5 dagar. Det vart fleire talarar og songarar med, og eit år var Adolf Bjerkreim med. Han var fødd i Bjerkreim, men busette seg på Karmøy. Han reiste fritt, men var mykje nytta av Kinamisjonen og Vestlandske. Han kunne utan problem halda ei forsamlingsånde dryge timen. Ei engelsk retning kalla Plymontbrødrene hadde påverka han sterkt. I mange år var han mellom utgjevarane av månadsbladet «Evangelisten» der han hadde ei spalte med spørsmål og svar. Adolf Bjerkreim var ein kunstnarnatur noko som kom fram når han talte. Han dreiv også med maling. Eit maleri av han heng på Bjerkreim bedehus.

## **Vurdering av Kinamisjonen og Vestlandske indremisjon si sterke stilling i nedre-bygda**

Etter krigen har det vore ei stillare tid i nedrebygda. Organisasjonane har trufast avvikla sine møteveker og arbeidd på det jamne utan nokon har snakka om vekking. Ein har hatt teltmøter og kampanjar utan noko åndeleg gjennombrot. Skal ein vurdera Kinamisjonen og Vestlandske indremisjon si sterke stilling i nedrebygda, kjem ein ikkje utanom å vurdera leiarskapen. Ein skal leggja merke til at dei kvinner og menn som var leiande i misjonsarbeidet også var det på andre felt av samfunnslivet, og slik har det vore like fram til i dag.

Tønnes T. Bjerkheim var i si tid ordførar og mykje med i offentleg styre og stell, det same må vi seie om bror hans, Mauritz, som var med i formannskapet, heradstyret og banken. Arne Gjedrem var i mange år ordførar, han var i ti år formann i krinsstyret

for Kinamisjonen. Nils Slettebø var medlem av heradstyret og heradskasserer i mange år, Nils var leiar for kinalaget i frå 1910 og til han døyde i 1945 i Ognedalskrinsen. På sida av seg hadde han støe menn som Olaf Ognedal og Per Tysland. Men sjølv om menene ofte ragar høgast i forsamlingane, skal ein likevel minna om den gamle sanninga «det stod kvinner bak» og det gjeld i stor mon også her.

Eit anna interessant spørsmål er kvifor den bodskapen Kinamisjonen og Vestlandske Indremisjon fann så god grobotn i nedrebygda. Reint politisk hadde Venstre sterk posisjon i Bjerkreim. Venstre var kjent for sitt folkelege preg og var i opposisjon til embedsstyre. Tollef Gjedrem, far til Arne Gjedrem, var stortingsmann for Venstre. Dette har nok heller ikkje vore utan betydning. Og akkurat dette folkelege preget var det preikarane til Kinamisjonen og Vestlandske kom med. Preikarane var bygdefolk runne av vanlege kår. Dei tala i vendingar og bilete som bydefolket kjenne seg heime i. Samstundes forfekta dei eit konservativt syn på Bibelen og korleis ein kristen livsstil skulle vera.

Dette hadde bjerkreimsbuane høyrt før, ikkje minst gjennom ein sterkttruande tradisjon. Vi veit at vel 60 barn og vaksne forlet statskyrkja til fordel for Samfundet i ti års perioden 1890 - 1900. Elles veit vi at Thormod Rettedal var oppvaksen i eit sterkttruande miljø i Høgsfjord. Han reiste mykje for Kinamisjonen og vanka eindel i Bjerkreim kring århundreskiftet. Kyrkjhistorisk kan vi ikkje sjå bort frå at slike moment kan vera med å skapa grobotn for ei rørsle som har nokom av dei same grunndraga. I tillegg må seiast at desse to organisasjonane kom med mykje nytt. Ikkje minst misjonsarbeidet og krav til ei personleg tru og omvending. I tillegg til dette må nemnast den frie nattverden som ikkje var like akseptert i alle krinsar.

## **Det Norske Misjonsselskap kjem til bygda**

Det Norske Misjonsselskap eller NMS kom til bygda kring århundreskiftet. Denne misjonen har alltid vore nær knytta til kyrkja og har i tider blitt kalla «prestemisjonen». I 1905 vart det skipa forening på Vikeså. Ei typisk kvinneforening med mannleg leiari. I mange år var det Klaus N. Birkrem som stod i den funksjo-



en. På Bjerkreim var det Hanna Møgjedal og Bertha Birkrem som var dei leiande i NMS sitt arbeid. Gitle A. Birkrem lærar og seinare skuleinspektør for heile Rogaland var med i hovudstyret for NMS frå århundreskiftet og utetter. Men NMS har aldri hatt

den tilslutninga Kinamisjonen har hatt i nedrebygda.

Vi har såleis i Bjerkreim hatt ei klar deling av organisasjonslivet i bygda. I nedre delen av bygda har Kinamisjonen og Vestlandske dominert arbeidet, medan landsindremisjonen og misjonsselskapet har stått sterkest i den øvre delen av bygda. Mellom indremisjonane har det nærmest vore ein uskreven lov at der den eine misjonen kom først, skal ikkje den andre koma med konkurrerande verksemd.

På Vikeså krinsa det friviljuge arbeidet på kristenfronten mykje kring Misjonsselskapet og Landsindremisjonen. Klaus N. Birkrem var leiarskikkelsen for misjonsarbeidet alt frå 1905 og utetter.

Norvald Espedal kom til Vikeså som lærar. I begynnelsen av tjugeåra vart det danna eit sangkor som han var leiari for. Dei reiste eindel rundt og song og koret sveiv i fleire år.

Kring 1930 var prost Kvassnes og sekr. John Egeland på Vikeså og heldt møte i skulehuset. Kvassnes skildra dei siste tider med skrekk og gru, medan Egeland som hadde bakgrunn som sjømann, heldt seg i ein lettare genre enn det folket var van med. Med desse to braut det ut ei vekking som sette djupe spor etter seg, mange blei omvende i den tida. I 1931 blei Vikeså Indremisjons Ungdomsforening skipa og ein tok opp søndagsskullearbeid. Det var Norvald Espedal, Torleif Hølland og Mandius Skjæveland som for det meste stod for søndagsskulen.

Tre år seinare blei arbeidet for Kinamisjonen teke opp på Vikeså, dei leiande for den nye foreninga som vart skipa i 1934 var Norvald Espedal og Torleif Hølland. Denne nyskapningen skapte nok eindel uro innad i kristenflokkene. I slutten av trettiåra sette ein i gang bygging av nytt bedehus som stod ferdig i 1939. Klaus N. Birkrem gav fri tomtegrunn, og Misjonsselskapet og Indremisjonen på Vikeså stod som eigrarar av huset.

I krigsåra kom Schrøder og Ånestad frå Indremisjonen og talte ved møter på Vikeså. Det braut ut ei større vekking vinteren 42-43. Lærar Ola K. Aure som hadde vore med i vekkingane kring århundreskiftet på Ognedal, var som pensjonist vendt attende til bygda. Han spela ei aktiv rolle i denne vekkinga og stod ei tid som leiari for arbeidet. Det var ein mann som inngav tillit og kunne gje god hjelp i åndelege spørsmål. Elles hadde Hans Gjedrem, Karl Skjæveland og Ola G. Vigedal mykje leiari-ansvar for indremi-

sjonen utetter frå tretti - førtiåra.

Det må elles nemnast at det var godt samarbeid mellom Vikeså og Ivesdal i denne tida - frå trettiåra og utetter. Johannes Ivesdal og Teodor Ivesdal tok seg mykje av misjonsarbeidet i denne grennda.



*Vikeså bedehus, bygt 1939, rive 1980.*

## Kyrkja si rolle i kristenlivet i Bjerkreim

Kyrkja har i århundrer stått som ein stabil faktor i samfunnslivet og også innan kristenlivet spesielt. Prestar har kome og gått, men dei har lagt ned eit jamt trutt arbeid år ut og år inn. Dei har følgt folket i glede og sorg i høgtid og kvardag.

Lat oss ta ein gløtt inn i aktiviteten tidleg på trettitalet her i Bjerkreim. Da var det over 30 gudstenester, vel 50 møter, 70-80 husbesøk og 20 besøk på gamleheimen som var presten sitt årsoppgjer. Dette taleksemplet viser noko av presten sin aktivitet overfor kyrkjelyden. Etter lov om sokneråd vart innført på 1920 talet, har også fleire blitt aktivisert gjennom det arbeidet som dette rådet må ta på seg. Vi kan difor slå fast at kyrkja sin posisjon og sin aktivitet har vorte styrkt utetter dette hundreåret.

Eit anna spørsmål som er aktuelt å stille seg i denne forbindelse er korleis kyrkjelyden har slutta opp om kyrkja sitt tilbod. Har vi hatt ein stabil flokk kring kyrkja eller finn ein toppar og bølgjedalar? Dersom vi tek utgangspunkt i nattverdsprotokollane og går ut frå at nattverdssökninga er ein peikepinn på vanleg kyrkjesökning, så kjem ein fram til at kyrkjesökninga har vore forholdsvis stabil frå 1890 åra og fram til 2. verdskrigen. Etter krigen og fram til 1960 har det vore ein klar nedgang, medan frammøta har svinka oppatt frametter seksti og syttiåra. Dersom vi bruker avgjevne røyster ved val av sokneråd som ein annan peikepinn, finn ein omtrent same tendens som vist ovanfor. Ein har eit unntak i 1936 og første valet etter krigen. Val av ny salmebok i 1946 har hatt uvanleg stor interesse, for frammøte er det doble av vanlege soknerådsval. Nynorsk salmebok vart innførd med 91 røysters tilslutnad medan Landstad fekk tillit frå 64. Ein kan difor konkludera med at dette spørsmålet har opptek fleire enn dei som tradisjonelt var kyrkjegjengjarar. Eit anna interessant spørsmål ein kunne stilla seg er: Kven er kjernen i kyrkjefolket? Dette er eit spørsmål som det ikkje er lett å gje noko fullgoda svar på. Det kan vera mange grunnar som gjer at ein hamnar i flokken kring presten eller i lag med lekfolket på bedehuset. Mange opplever dette som eit kunstig skilje og kjenner seg heime i begge flokkane. Tradisjonelt har Misjonsselskapsfolk og Landsindremisjonsfolk vore kyrkjefolk, medan Misjonssambandet og Vestlandske indremisjon har vore nærmare knytta til bedehusmiljøet. Men dette bilete er meir nyansert enn som så, for mellom Misjonssambandet og Vestlandske sine tilhengjarar finn ein også kyrkjefolk og mellom Misjonsselskapet og Landsindremisjonen sine folk finn ein også mange bedehusfolk. Likevel kan ein ikkje koma unna at organisasjonsplassering seier noko om det synet ein har på kyrkja. Sidan vi veit at Svelaodden har vore eit skilje mellom organisasjonsstyrken i bygda, må ein kunne seie svært generelt og grovt at kyrkjefolket har stått sterkest i øvrebygda - medan bedehusfolket har ført an i nedrebygda.

Skulle vi vurdera kven som var kjernen i kyrkjelyden ut frå kven som har vore medlemmer av soknerådet, kunne også dette vera ein interessant innfallsvinkel. I soknerådet finn ein alt frå tjugeåra ei blanding av Misjonssambandet, Vestlandske, Lands-

indremisjonen og Misjonsselskapet. Men Misjonssambandet og Vestlandske var betre representert på tjugetalet, enn dei vart seinare. Likevel har desse krinsane alltid hatt medlemmer av soknerådet. Majoriteten av soknerådet ser ut til å vera folk som tradisjonelt var sterke knytta til kyrkja enn andre, med andre ord kyrkjefolket har dominert soknerådet.

Vi kan heller ikkje sjå bort frå at spenninga mellom kyrkja og organisasjonane kan ha verka inn på kyrkjegangen. Det er serskilt nattverden som ser ut til å ha skapt størst spenning. Like lite som den kyrkjelege nattverden var akseptert i alle krinsar, like lite var den frie nattverden likt i andre krinsar. Dei som stod i brodden for den frie nattverden er lite å finna i nattverdsprotokollane frå århundreskiftet og fram til 1917. Det tyder på dei må ha nytt ei anna løysing. Interessant er det å sjå på nattverdsøkninga i samband med vekking på Bjerkreim 1907-08. Første året auka nattverdsøkninga med 20%, året etter finn ein ein reduksjon på 40%. Det er klart at her har noko skjedd! I soknerådsprotokollen frå 1931 finn ein følgjande vedtak: «Ansøkningen indvilges på betingelse at bekjendtgjørelse i kirkehuset nevnte dag om nadverd utenfor kirke ikke finner sted». Desse merknader og andre viser at forholda kring kyrkja ikkje alltid har vore uproblematiske og dette er ting som har verka inn på det indre liv og skapt så pass sterke spenningar at det har gitt utslag på oppslutnaden kring kyrkja.

**SAMANDRAG:** Vandringa gjennom kyrkjesoga i Bjerkreim har vore ei interessant ferd. Ein har fått høve til å møta kvinner og menn som har teke kristendom på alvor og arbeidd ut frå ei klar overtyding. Vi møter ein alvorsfull kristendomstype som stundom kan verka noko mørk og tung. Ein hører mykje tale om synd og nåde - og kamp for den rette lære. Likevel finn ein ofte ein djup og ekte glede i dette med lyse overtonar.

I vårt hundreår møter vi ein sterk offervilje og misjonsglød som bør avtvinga respekt i alle lag av folket. Pietismen sine slagord arbeid og nøysemd er ord som høver godt i denne samanheng. I Bjerkreim møter ein også eit verksamt lekfolk som er van med å klare seg sjølv. I møte med kyrkje og misjonsorganisasjonar har dette ikkje vore uproblematisk, men på tross av dette har hopehavet vore så bra som ein kunne venta. Stundom har ein frå begge

hald vore trøng for ei viss markering, som nar vore klargjerande.

Vi lever i ei bygd som i fleire generasjonar har hatt ein brei og sterk kristeleg aktivitet, og dette har sett sitt klare preg på samfunnslivet. I lys av dette kunne det vera interessant å sjå litt framover. I dag ser ein tydelege teikn på at det sterke pietistiske dragnet som har prega folkelivet og kristenfolket er i ferd med å tapa terreng. Kva dette kan føra med seg framover på godt og vondt kan ein berre ana. Og i denne situasjonen kunne ein få hug til å mana folk til ei sterkare samling kring kyrkja og dei verdiar ho representerer. I møte med gudstenesta vil ein få tilbod om rikdommar som er ein styrke i det daglege liv.



*Retsius Versland - ein brubyggjar mellom kyrkje og bedehus.*

## Kyrkja - , bygd i 1835.

I 1833 var den gamle kyrkja på Bjerkreim i så dårleg forfatning at biskop Munch i 1834 skrev: «i den Grad... forældet og skrøbelig, at man ei uden virkelig Livsfare kunde bruge den». Denne kyrkja var oppførd i 1628, og den var etter gamalt utsagn mindre enn den som står i dag. Den hadde ingen kvelving, ein kunne sjå like opp under mønet.

Det er tydeleg at kyrkja var i menighetens eige i 1832. Ein byggjekomite på 8 menn blei nedsett og denne søkte «på almuens vegne» om å få byggja ei ny kyrkje på same staden som den gamle. Kyrkja skulle vera etter same teikning som Helleland kyrkje -den var då under oppføring - , for denne typen kyrkje var «spar-sommelig på Tømmer». Dette såg dei som viktig i eit strøk med relativt lite skog, og der transport av tømmer var dyrt og vanskeleg. Dei meinte at kyrkja ville vera stor nok med 600 sitjeplassar, sjølv om folketalet var 1650, for soknet var så vidt at berre ein del av folket vanlegvis var til stades i gudstenesta. Måla kunne likevel aukast dersom departementet kravde det. Desse argumenta blei lagde fram i søkeren til Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1832. Prost Hausmann anbefalte søkeren, men meinte at kyrkja måtte vera større enn i Helleland. Departementet avslo søkeren m.a. fordi forslaget til kyrkjesterrelse var for lite etter folketallet. Dei meinte at ei anna kyrkje av Linstows-typen burde veljast.

Byggjekomiteen sende då inn ein teikning av Time kyrkje og ba om å få byggja etter denne med nokre forandringar, m.a. ville dei ha vindauge i aust og ei dør i nordveggen. Denne søkeren blei send i 1833. Søkeren blei anbefalt av prost, stiftsdireksjon og biskop. Departementet fann å kunna godta denne teikningen som alt var godteken tidlegare i 1827, og forandringane blei også godtekne. Ved kongeleg resolusjon 13,3. 35 blei teikningane for Bjerkreim kyrkje godtekne. Samtidig blei søkeren frå ein del av folket om flytting av kyrkjesteden og eventuell deling av prestegjeldet avsleget for andre gong.

Materialane til den nye kyrkja blei for den største delen innkjøpt frå Austlandet. Berre ein liten del blei teken ut or skog i bygda, då i alt vesentleg frå Malmei-skogen. Så langt ein veit er det einaste som blei overført frå den gamle kyrkja til den nye, al-



tartavla. Den er måla av Ivar Moland. Den gamle klokka var sprukken, så det blei kjøpt ny, den var støypt i Göteborg i 1834.

Grunnmuren blei oppført av Tore Vigesdal og Ommund Lille-Svele. Sjølve kyrkja vart bygd av byggmester Tollag T. Gudmestad. Kyrkja blei måla første gongen i 1841. I 1842 blei stolstadene



*Byggmester Tollag T. Gudmestad var fødd i 1800 og døydde i 1881. Han budde på Gudmestad i Nærbø. Han var byggmester for mange kyrkjer i Rogaland.*

omlagde. Ordninga blei at kvart menighetsmedlem sin plass i kyrkja blei bestemt etter størrelsen på familiefarens gardsbruk; dei fremste plassene til dei mest velståande og så rangert baketter i kyrkja. I 40-50 åra var ein svært nøye med at dette blei halde, men litt etter litt fall det bort. I herredstyrebeslutning av 16. nov. 1871 blei det bestemt at stolstadene i kyrkja skulle vera frie for alle som gjekk i kyrkja.

I 1844 sokte herredstyret om at det måtte bli bygt galleri i Bjerkreim kyrkja og trapp opp til dette frå den nordre døra. I tillegg sokte dei om å få byggja eit galleri over prestesakristiet, det skulle vera til prestefamilien. I 1858 bevilga herredstyret flytting av preikestolen, men dette blei ikkje utført før i 1882 etter ny behandling i herredstyret. Nyttårsdag 1891 blei det for første gong brukt omnar i kyrkja. Etter forsøk på privat innsamling til dette formålet, vedtok herredstyret å bevilga midlar til omnar, etter at dei hadde avslått dette første gongen i 1889.

Om kyrkja elles skriv Sem Austrumdal: «I de 79 aar kirken nu har staat, er den ikke rammet av lynnedslag eller anden nævneverdig ulykke, naar bortsees fra, at øverste tak paa taarnet regelmessig blev slemt ribbet for taksten i vinterstormene indtil det i 1889 blev tækket med skifer».

### **Orgel i Kyrkja**

I 1838 fekk herredstyret eit tilbod frå orgelbyggjar D. Larsen om å byggja eit orgel for Bjerkreim kyrkje. Formannskapet såg



*Orgelet frå 1919.*

dette som ønskjeleg, men fann å måtta avslå likevel p.g.a. dei store utgiftene dei hadde hatt med byggjing av kyrkja 3 år før.

I 1905 oppfordra klokkar Gitle A. Bjerkreim utflytta Bjerkreimsbuar i Amerika om å gi eit bidrag til innkjøp av orgel i kyrkja. Dette gjorde han i bladet Skandinaven. Litt midlar kom og inn ved ofring og basarar, og i 1913 blei orgelet bestilt hos orgelbyggjar Torsen i Stavanger. Prisen var kr 2 150. Den 27. sept. 1914 var første gong orgel blei brukt i Bjerkreim kyrkje. Det nåverande orgelet blei sett inn i 1964.

(Opplysningane til denne artikkelen er henta frå Bygdaboka til Sem Austrumdal og J. Chr. Eldals avhandling til magistergraden i kunsthistorie ved Oslo Universitet våren 1978.)

## Torvald Egidius Isachsen

Helleland prestegjeld fikk ny sokneprest 4. sept. 1896. I april året etter ble han innsatt i tjenesten av prost Magelsen. Den nye soknepresten kom fra det store utland. Etter avlagt embedseksemen i 1886 hadde han gjort tjeneste i sjømannsmisjonen, den lengste tiden som bestyrer av sjømannskirken i Amsterdam og Rotterdam.

Da han kom til Helleland var han i en alder av 36 år. Han var født i Kristiania 1. okt. 1861. Når vi skal prøve å danne oss et bilde av sokneprest Isachsen så har vi som kilder hovedsaklig det han selv har etterlatt seg, mest skriftlig i kallsboka, dernest det han malte i prestegården og altertavla i Helleland kirke. Indirekte får vi også et bilde av han i de skrifter som fru Isachsen fikk gitt ut i Holland med beskrivelser av dagliglivet i Helleland prestegjeld. En del av disse «Hollandske Brev fra Helleland» er senere utgitt på norsk og finnes i de fleste hus i prestegjeldet.

En byste hugget i stein, angivelig for å framstille professor Fredrik Pettersen, den toneangivende lærer ved det teologiske fakultet mens Isachsen studerte, finnes ennå i prestegårdshaven. Ved siden av arbeidet som prest drev Isachsen også prestegårdens jord. Og han la mye interesse i dette også. Kallsboka vidner om strev og lite overskudd. Det var mye som krevde forbedring.



Pastor Isachsen m. familie.

Foto: T. H. Torjusen/Dalane Folkemuseum.

Det viktigste i kallsboka er likevel vidnesbyrdet om hans kjennskap til menneskene i prestegjeldet. Vi finner fem tettksrevne sider hvor han viser kjennskap og omsorg for navn og forhold. Det er vekkelse over bygdene, og her i kallsboka finner vi navn på dem som «fant fred», og når det skjedde. Hele det vidstrakte presegjeldet er representert.

Hvordan Isachsen selv var som predikant kjenner vi ikke. Men ut fra kallsboka leser vi at han hadde syn for vekkelsen og glede over at mennesker fant fram til personlig frelsesvisshet. At han hadde bekymring for de «ustøe» og betenkelskheter ved at de ytre «kirkeskikker» kunne bli foraktet vidner om omsorg for menighet og enkeltkristne.

I 1906 forlot han Helleland og ble prest for Den norske menighet i Holland. Hans kone var hollandsk. Senere kom han til Sandviken menighet i Bergen der han gjorde tjeneste til han fikk avskjed i nåde ved oppnådd aldersgrense.

Hvem var han så?

Kildene viser oss en aktiv prest, alltid i virksomhet. Høyreist etter bilder å dømme. Han var åpen for det nye han hadde lært om jordbruk, ville gjerne forsøke nye veger.

Teologisk må vi anta at han også hadde noe av den samme holdning. Som elev av Professor Pettersen var han sikkert preget av denne åpne holdning til det nye i kulturlivet, samtidig med at han ville holde fast på Bibel og bekjennelse som grunnlaget for Kirkens lære og liv.

Isachsen viser vilje til med troskap å utføre det oppdrag han hadde fått. Det vidnesbyrd ser vi ennå daglig på kontoret i Helleland prestegård:

Her hånd du lagt på Herrens plog,  
da se deg ei tilbake.  
Se ei til verdens trylleskog,  
og ei til Sodoms plage.  
Men pløy din fure, så din sæd,  
blir jorden deg for hård, så græt.  
Vil gråten kvele røsten,  
da tenk på gyllenhøsten.

Forfatter: Oddmund Brundtland

## Carl Johan Uhl

Av Magnor Erlend Oma

Carl Johan Uhl var fødd 12. oktober 1889 i Drammen. Far hans var C. Fr. Uhl og var av tysk slekt frå Bonn, mor hans heitte Johanne. Faren arbeidde som jernbanefullmektig i Drammen. I 1913 tok han eksamen artium i Drammen og to år seinare lærarprøven. Same året han var ferdig utdanna lærar gifte han seg med Ellen Johannesen, som var oppvaksen og konfirmert samstundes med Uhl. Året etter fekk dei sonen Frithof som var einaste barnet deira.

Uhl reiste til Aurskog og arbeidde i middelskulen der i fleire år, den siste tida var han styrar ved skulen. Turen gjekk så til Menighetsfakultetet i Oslo der han studerte teologi. I 1927 var han ferdig utdanna prest og fekk kallet i Helleland 16. juni same året.

20. juli 1927 var han på plass i prestegarden på Helleland og Uhl skulle få ei uvanleg lang tenestetid mellom folket i Bjerkreim og Helleland. Han var ialt i 32 år i aktiv presteteneste mellom bygdefolket her. Dei siste åra blei nok heller tunge for han, då han var mykje sjukleg og måtte ha vikar. I oktober 1959 tok Uhl avskil med kyrkjelyden heime i prestegarden, han var for svak til å halda avskilsgudsteneste i kyrkja. Dei to siste åra budde han hjå sonen i forpaktarbustaden. Carl Johan Uhl døydde 3. oktober 1961 nær 72 år gammal. Han blei gravlagd på Helleland. Uhl vil nok vera ein av dei prestane bygdefolket lenge vil minnast. Han har konfirmert både foreldre og deira born, han var aktivt med i både krig og fred. Han hadde ei uvanleg lang teneste i same kyrkjelyden.

Når ein talar med bygdefolk om Uhl så er det tydeleg han var allment respektert. Han likna den gamle skulemeistertypen som det følgde respekt og autoritet med. I tillegg til dette hadde han visse aristokratiske trekk, stundom raga flosshatta høgt på hovudet hans og folk fekk ei spesiell kjensle av høgtid. Samstundes har ein inntrykk av at han var grei og hjelpsom. Uhl var også ein mann med glimtet i auga som kunne slå treffande replikkar...

Kom folk og bad om forbøn etter ei gudsteneste var det aldri nei i hans munn. Han skriv i kallsboka tydeleg grepene av ei tragisk drukningsulukke i 1932 ved Helleland kyrkje som kravde 3 men-

neskeliv. Dette viser at bak eit litt barskt ytre var han eit varmt menneske. Han må også ha hatt jamn kontakt med bygdefolket for han blei ofte invitert med i samband med konfirmasjonar og andre større høgtider, og alltid var han viljig til å vera med. Uhl må utan tvil ha hatt ei svært god støtte av kona si, Ellen. Ho døyde i 1941 52 år gammal, og dette var nok eit følt tungt slag for han, som han aldri skikkeleg kom over. Han skriv svært fint om kona si i kallsboka. Og det kjem fram at ho må ha vore ei svært omsorgsfull hustru og mor. Saknet var tungt å bera vidare.



*Pastor Uhl i gravferd på Nedre Omdal 1937.  
Foto: B. Løvold/Dalane Folkemuseum.*

I krigsåra kom han bort i noko illegalt arbeid, samstundes var han svært fritalande overfor tyskarane sidan han også tala godt tysk. Dette blei til så stor belastning at han blei arrestert seinhausten 1944 og sat fengsla på Grini til krigen var slutt. Han blir rosa av heimefronten for den insatsen han ytte under krigen.

Som forkynnar har ein inntrykk av at Uhl var på det jamne. Mange nemner faste preikene hans, der han hadde som emne Jesu lidingssoge. Dette var eit emne han var dyktig i og gav ei grundig og klar innføring i. Det er sagt at mykje folk møtte opp og ville høyra på. Stundom kunne han då vera kring i krinsane på bede-

hus eller i heimane å halda møte og då hende det at Retsius Versland var med han og talte og song. Retsius Versland song også ofte ved gravferder. Han er nemnt i kallsboka i samband med 100 års jubileet for Bjerkreim kyrkja; Retsius Versland avslutta festgudstenesta.



*Retsius Versland song ofte i gravferder.*

Uhl får og ros av organisasjonsfolket på bedehuset. Han la seg aldri borti deira arbeid, dei fekk stella med sitt i fred.

Elles er det sagt at han hadde godt tak på konfirmantane. Her var det den gamle skulemeisteren som steig fram, han lærde grundig og overhøyrd vel så grundig.

At Nynorsk Salmebok vart innførd i Bjerkreim i 1950 åra var ikkje etter Uhl sitt hjarta. Som den gjennomførde bokmålmann han var heldt han føre at Landstad gjorde nytta og vel så det.


Presten hadde sine vaner og uvaner, då han hadde preik i Ivesdal måtte han alltid ha kaffi før han kunne ta til i kyrkja. Og kyrkjelyden var van med å venta, for Uhl var ikkje alltid presis korke ved bryllaup eller andre høgtider.

Det ser ut som Uhl var ein uredd type. Han hevda det som var sant og rett utan sideblikk.

I minnespora etter han finn vi biletet av ein person som stod

fast både i krig og fred. Han var i hug og hått ein aristokrat, som såleis heva seg over vanlege bygdefolk. Han var famand for den vanlege bygdekulturen, men samstundes midt oppi kulturlivet. Som flosshatten raga over folket, raga han høgare enn vestlandsbonden. Ein posisjon som passa til hans lynne og natur.

## «Oppbyggelseslitteratur i Ørsdalen»



*Forfatteren,  
sokneprest Tormod Wasbø.*

Av sokneprest Tormod Wasbø

Disse linjene skal handle om bøker som ble lest til husandakt eller til personlig oppbyggelse i Ørsdalen. De gamle snakket om «tekstabøker», og da visste de hva det dreide seg om. De fantes, og de finnes rundt omkring på gårdene, og bør tas vare på som en del av de kulturverdier vi har med oss fra forfedrene. Disse bøkene ble altså brukt i husandakten. I en prostemelding fra 1868 klages det over at husandakten er på retur, men ikke i Ørsdalen.

Min befatning med saken er tredelt: først en oppdagelse - der neste en gave - og tilsist en ekspedisjon.

Oppdagelsen fant sted for mange år siden. Jeg skrev av skriftet etter Ole Pedersen Kvitlen som døde i 1757. Han var fra Skreå i Sirdalen og hadde en del bøker på gården. Fra vår slektshistorie - Tormodsætta fra Ørsdalen - sakes følgende avsnitt: *Fire ting pe-*

*ker ut over de materielle verdier: «Brochmans huus Postil», «I Stoer Fuldkommen Psalmebog», «I boeg kaldet Bibelske Kiærne» og «I beedendes Kiæde».*

I en kommentar til skiftet etter Oles svoger, Øyu Hoskuldsen Omlid, som fant sted i 1733, skriver Per Seland i Sirdal at «boet hadde hele 5 bøker hvilket var meget sjeldent i Sirdal på den tiden.» Og så nevner han både Brochmanns huspostille, en salmebok, og bønneboken «De bedendis Kiæde». Var det svogerens bøker som hadde havnet på Kvitlen? Eller hadde de vært sammen og gått til anskaffelse av bøkene?

Bøkene i skiftet gir oss et innblikk i hva som ble lest der på gården. I og for seg er det interessant å registrere at man hadde så mange bøker. Kirkehistorisk sett befinner man seg på 1700-tallet innenfor rammen av pietismen — men det tok tid før den pietistiske fromhet nådde ned i folkedypet. Det har vært sagt at den i første rekke var geistlighetens og deres likesinnedes fromhet til å begynne med. For den oppsto der. På grasrota var det fromhetslitaturen som preget den jevne mann og kvinne og deres hjem. Og den som mer enn noen annen øvet innflytelse var professor, senere biskop Jesper Brochmand (1595–1652) med sin bok «Sabbathi Sanctificatio» (Sabbatens helligholdelse) fra 1635–38, som etter 1718 kort og greit ble kalt «Huus-Postil». Brochmand representerer botsfromheten og de lange prekenene kom til å prege enkel fromhet og inderlig tro selv om de var tunge i stilten. De hadde dog bibelsk substans, og postillen ble lest. Botsfromheten finner man i klokkerbønnene som vi hadde i gudstjenesten. «Lær meg å sørge over mine synder og tro i liv og død på Jesus, og forbedre meg hver dag i et hellig liv og levnet.» Det er botsfromhetens toner, og de signaliserer begynnelsen til den individualisering av fromhetslivet som slår ut i full blomst under pietismen. Denne tendens finner sitt poetiske uttrykk sett gjennom Kingos salmebok fra 1699. Og den «fuldkomne Psalmebog» som er omtalt i skiftet kan neppe være noen annen. Den ble en folkebok som det nærmest syntes umulig å få fjernet. Bokens «fuldkommenhed» ligger i at den hadde evangelietekstene opptrykt sammen med en del bønner for gudstjenesten og hverdagen. Den «Beedendes Kiæde» som også omtales er et typisk uttrykk for «en klar tendens i retning av den mer individuelt orienterte fromhet i pietismen. Den ble da også en av pietismens mest brukte bønnebøker». (Aarflot,

Norsk Kirkehist., bd. 11.) Bokens tittel var: «De Bedendis aandelige Kiæde av 41. Led.» Den var bygget opp etter dogmatikkens hovedpunkter. Forfatter var Hans Jacobsen Hvalsøe, som var prest i Kingos stift på Fyn. Boken kom i år 1700.

Gaven henger merkelig sammen med at Ørsdalsvegen ble ferdig. Jeg trillet inn på Eik med bilen, og da sørget Arne og Trygve Eik for at jeg forvarte gårdenes bøker.

Vi skal se på noen av bøkene. Den eldste boken er fra 1741, det er Christian Scrivers «Siæle-Skat». Den må tydeligvis ha vært



Tittelblad fra «Siæle Skat».

holdt høyt i akt og ære - den er vakkert innbundet, men har i årenes løp mistet spennene. Det er vakre boksider, med et titelblad som både har rød og svart prent. Den har i sin tid tilhørt ekteparet Torger Ådneson og Tori Svensd. Ausdal. Deres datter Tori 1825-1856, var første konen til Tormod Torkelson Wasbø, og sønnen Torger må ha tatt med seg denne boken som morsarv da han giftet seg med Abigael, datter til Ola Ivarson Eik. La oss i samme rennet nevne at Toris søster Helene var svigerinne til Knud K. Spødervold som vi skal møte senere.

Christian Scrivers bok hører med til den klassiske oppbyggelseslitteraturen. Og det har vært sagt at det neppe finne noen oppbyggelsesbøker som har ført mer kristendom inn i Norge enn nettopp denne boken, sammen med Johan Arndts «Sanne Kristendom». Begge bøkene representerer ortodoksi - den periode i lutherdommen som la så stor vekt på den rene lære. Begge forfatterne vender seg til samvittigheten og taler sterkt og ingerlig om synd og nåde. Og gjennom sin forkynnelse blir de forløpere for den senere periode som kalles pietismen.

Johan Arndts bok «Sande Christendom» fantes i to utgaver på Eik, en fra 1875 og en fra 1891. I bokverket: «Hovedverker av den kristne litteratur» bd. VI sies det om de to bøkene at «Johan Arndt og Christian Scriver er som far og sønn. Scriver ser med innerlig hengivenhet og med dyp ærbødigheit opp til Johan Arndt som til en av sine fedre i Kristus». Det som særkjenner Johan Arndt er at han i sin forkynnelse makter å forbinde det objektivt gitte i kristendommen, med den subjektive tro. I en tid hvor det ofte så ut som man la større vekt på forstanden enn på hjertet, fikk hans forkynnelse derfor avgjørende betydning. Det har vært pekt på at det finnes et drag av mystikk hos ham, men han renser og smelter den sammen med ekte evangelisk kristendom. Sommeren 1984 fikk jeg som gave av Johan Vassbø en svensk utgave av Johan Arndt som var trykt i Norrköping 1732-1733. Boken har hatt en lang vandring for å komme til Vassbø. Det er notert i boken at den kom Efraim Olsen i hende i 1885.

Ved siden av disse bøkene, er det selvfølgelig Bibelen etter Ola Ivarson Eik som peker seg ut. Bibelen er slitt, og mangler en del av de første arkene. Dermed var den vanskelig å datere, men etter å ha studert adskillige utgaver i biblioteket til Misjonshøgskolen, ble det konstatert at Bibelen var trykt i København i 1787.

Et Nytestamente som har tilhørt Ola Ivarsons datter Anna Karina, ble trykt hos L. C. Kielland i Stavanger i 1865 «Paa det Britiske og Udenlandske Bibelselskabs Bekostning». Og i et glimt får vi øye på et stavangersk anliggende som vokste fram mens Alexander Lange var res. kap. ved Domkirken: det var stor manger på Nytestamenter. I 1833 fikk Lange støtte og klarsignal fra Det britiske og utenlandske bibelselskap om å sette i gang trykking. Han hadde vært i kontakt med Grøndahl i Kristiania og O. P. Moe i Kristiansand, men det ble L. C. Kielland som fikk kontrakten på 5000 NT. Da Lange forlot byen, ble «Stavanger Bibelfond» overtatt av postfullmektig C. K. Kielland, fogd L. G. Schiøtz, S. E. Svendsen og E. Hansen. Hvert navn representerer en klang av kirke og misjonshistorie.

Hos Kielland trykket man «Kommentar til Johannesevangeliet» som var oversatt av E. F. Eckhoff, «lærer ved Missionsskolen». Og det heter at «Bogen anbefales saavel Ældre som Ungre til Husandagtsbog, - til Konfirmationsgave maa den anses fortrinlig». Mon tro om det var Ola Ivarsons datter Abigael som fikk denne konfirmasjonsaven? Boken kom i 1875, og hun var vel konfirmant ca. 1878.

At man var opptatt av å lære folk å lese i Bibelen, kan merkes i iveren for å utbre bibelkunnskap, og vi finner et lite hefte blant bøkene som bærer tittelen: «Om den hellige Skrifts oppbyggelige Læsning og Betragtning». København 1828. 2. oppl.

Den boken som skal være mest utbredt ved siden av Bibelen, hevdes å være Bunyans Pilegrimsvandring. Også denne finnes i en gammel slitt utgave. Her mangler titelblad og årstall.

Ved siden av oppbyggelsesbøkene - som er prekener over kirkeårets søndager - stort sett - finner vi et interessant eksemplar av Pontoppidans «Sandhed til gudfrygtighed». Den er så velbrukt at skinnet som den er bundet inn i er avslitt i kantene, og det er også de treplatene som skulle være selve bokomslaget. Også denne mangler titelblad med årstall. Det er pietismens store religionspedagogiske bok som «inneholder alt det som en trenger å vite og gjøre for å bli salig». Poenget med den var at kristenlæren skulle være «en enfoldig og så kort som mulig, dog tilstrekkelig forklaring over dr. Martin Luthers lille katekisme». Boken som første gang kom ut i København i 1737 - samtidig med at konfirmasjonen ble innført - skulle være et hjelpemiddel i kristen fostring av

barn og unge. Det gjalt å formidle kunnskap om sannheten. Boken ble laget «etter kongelig aller nådigst til meg utstedt skriftlig bafaling», skriver Pontoppidan i forordet. Den senere Bergensbiskopen sto selv i et avhengighetsforhold til den kjente pietisten Philipp Jakob Speners forklaring, og åpner dermed for Hallepietismen, som er den nye fromhetsretning. Fra kirkehistorien husker vi Spener og Francke som de representative pietister. Og da er det ikke å undres over at det dukker opp en bok av August Herman Francke i denne boksamlingen:

«Skriftmæssig Anviisning til en ret og Gud velbehagelig Maade at bede paa». Den er trykt i Kristiansand i 1832. Og vi merker oss at den er trykt hos O. P. Moe - haugianeren.

Bønnebøker er ikke hva vi forbinder med pietismen, men det ble altså utgitt bøker som skulle være til hjelp og støtte for bønnelivet. En tradisjon som man vil finne ivaretatt i salmebøkene. På Eik kom vi over en bønnebok trykt hos Paul Dreyer i 1867z; «Guds Børns daglige Adgang til Naadestolen, eller udvalgte Morgen og Aftenbønner paa alle Dage i Ugen til Nutte for alle dem der ville paakalde Gud i Aand og Sandhed». Boken er meget velbrukt. Den har tilhørt Gunvor Børilsd. Eik, f. 1809, som var moster til Ola Ivarson, og dessuten barnebarn av den Ole J. Brattebø som tidligere er omtalt.

Moster Gunvor hadde også en annen interessant bok som hun visste vel å ta vare på: «Knudabogå» - eller «Guds Naades Huus-holdning» av Knud K. Spødervold. Boken er trykt hos Paul Dreyer i 1848. Spødervold var gift med Joren Larsd. Kviten, og begge hørte til i den store ættekretsen i Ørsdalens som har sitt utspring i Torkelsætta på Hovland. Så det er ikke å undres på om den finnes flere steder rundt om i Ørsdalens og ellers i Bjerkreim. Det er en underlig bok av en mann som på samme tid er dramatisk og original, tragisk og høyst eiendommelig.

dommelig.

Midt oppi disse bøkene med tydelig pietistisk profil, dukker det opp et kvekerskrift: «Gudfrygtiges Liv og deres Endeligt». Det er et utdrag av «Piety Promoted» som var oversatt fra engelsk og utgitt i Stavanger 1883 på Endre Dahls Forlag. Også en annen bok med engelsk bakgrunn finner vi : «Jesu Raab til Syndere - eller Herrens Omsorg for Menneskets Frelse». Den er av Robert M'Cheyne, ogutkom i sitt 3. opplag i Bergen i 1886.

**Gensidigt og Fort Gjennemsnit**

a f

Tiden til sand og velgrundet Betænkning

over

**Guds Maades Huusholdning:**

med Menneskene,

efter hans Barnhjertigheds Rigdom og ifølge den  
hellige Skrifts Veiledning.

Hvorved og kommer i Betragtning paa den ene Side:  
Satans, som Guds aflagte Fiendes, List og Vold,  
hvorved han idelig søger at ansalde og om muligt at  
forstyrre Guds Maades Huusholdning;

og paa den anden Side:  
den menneskelige Naturs Arts Unsængelighed, efter Faldet,  
for Satans List, hvorfor og Menneskene lettelig  
kan bringes under hans Vold.

Besordring til sand Kundslab, Tro og Gudøfrygt

a f

**Knud A. Spodervold.**

Tu Tryffen besordret og forlagt af T. Mauritzsen m. fil.,  
som sige i deres Hjerter:

Tal, HERR! thi dine Ejendere høre det gierne.

I Sam. 3, 9. 10.

Stavanger 1848.

Trykt hos Paul Z. Dreener.

*Tittelblad fra «Knudabogå».*

Det ser ut for at det er i Ola Ivarsons tid, f. 1826, bøkene stort sett er kommet til gårds. En prekensamling av Martin Luther, trykt i Bergen i 1858 har tilhørt niesen Anna Tønnesdatter Mydland, ser vi av innskriften fra 1877. I 5. opplag av Lars Linderots «Hus-Postille tillige med hans Skriftetaler» - Horten 1886 - har Retsius Larsen Versland skrevet at den tilhører ham. Og 1. januar 1892 skrives det inn i boken at den er kjøpt av I. Røisland. Denne boken som var utgitt med Lars Linderots prekener hadde en viss utbredelse på våre kanter, og en eldre utgave som Cappelen utgav i Christiania i 1847, fant jeg på gården Helle i Flekkefjord i 1958. Linderot og vestkyst-svensk vekkelsesliv fant nok gjenklang på våre breddegrader.

Det siste glimtet inn i denne boksamlingen skal dreie seg om salmebøkene. På Eik er det Kingo og Landstad som er salmebøkene. Det henger jo sammen med at man brukte disse i kirken. Til nå har jeg ikke kommet over noe eksemplar av Den evangelisk-kristelige salmeboken som prost Reiner delte ut til flinge konfirmanter. Men et artig funn er Erik Pontoppidans Psalmebog utgitt i Bergen i 1824. Den ble kalt «slottssalmebogen» i sin tid fordi den ble innført på de kongelige slott, men ellers ikke.

La oss så legge ut på en ekspedisjon sammen. Den fant sted i august 1984. Den kom i stand på grunn av denne artikkelen. Noen raske telefoner til folk i Ørsdalen gav svar som antydet at «dei Bjordal» hadde en del gamle bøker. Det stemte. Ola A. K. Bjordal ble med på Ørsdalstur og viste meg boksamlingen. Det ser ut for at Olas oldefar, Rasmus Karlsom Bjordal f. 1802 har lagt grunnen til boksamlingen. Jakob Straume nevner han sammen med Torkel Alfson Vassbø f. 1823 som «to lesesar» i Ørsdalen, i boken «Kristenliv i Rogaland». Olas far, Klaus Karlson Bjordal, omtales også.

Den gjeveste av bøkene fra Bjordal er en gedigen Bibel. Den peker seg ut både i alder og størrelse. Rasmus K. Bjordal kjøpte den i 1832 for 10 spesidaler av Gitle Haagensen Birkrem står det i boken. Og Bibelen var alt den gangen 200 år - trykt i 1632. Under siste krig ble boken lettere reparert av Anfinn Austrumdal.

Luther er rikt representert. Det finnes en utgave av Luthers Galaterbrevskommentar med manglende forside - det vanskeliggjør dateringen av utgiveråret. Det gjelder også prekensamlingen som har følgende titel: «Kraft og saftfulde Kjerne af de Evangeliske

Sandheder udtagen af Dr. Martin Luthers Kirke- og Huus-Postiller inde holdende en fuldkommen Forklaring over alle Søn- og Fest-Dagers Evangelier». Det er også anmerket at denne boken er oversatt etter Benjamin Lindners tyske utgaver. Interessant er det også at man har anskaffet seg «Forklaring over første Mosebog» av Luther. Denne boken ble utgitt i Stavanger i 1854.

Den kjente presten Wilhelm Andreas Wexels, som var knyttet til Vår Frelsers kirke i Kristiania hele sin prestetid, først som kateket, senere som res.kap., er representert med to bøker: «Dr. Martin Luthers større Catechismus oversat og med Anmærkninger ledsaget», fra 1829 (2. uforandrede Oplag). Og med «Andagtsbog for Menigmand» utgitt i 1835.

Å lese boktitler på de gamle utgavene er å begi seg ut på litt av en reise i snirklete konstruksjoner. Det fant vi et godt eksempel på: «Lutherus Redivivus. Det er: Lutheri Christendom hvorudi Den sande levende Troe, dens Oprindelse og Natur, samt Kraft og Virkning; item en sand Christens Majestæt, Herlighed, Hellighed og Forening med Christo, samt og hans usminkede Kiærighed og Christelige Levnet, med Lutheri ganske Christelige og aanderige Ord stilles for Øine. Sammendraget med stor Flid og Arbeide af alle Lutheri tydske til Wittenberg og Jena trykte Skrifter, ved M. Martinum Statium Evangel. Guds Ords Tiener ved St. Johan i Danzig.» «Af det tydske i det danske Sprog oversat 1761». Denne utgabven er trykt i København 1832.

Nå er også Bugenhagen representert. Han hører til reformasjonsfedrene, og vil være kjent fra dansk-norsk kirkehistorie som en viktig og innflytelsesrik person ved den omlegging av kirkelivet som fant sted i 1536-37. Det var Bugenhagen som vigslet de første evangeliske superintendenter for Danmark og Norge i 1537. I Stavanger utgav man i 1857 den 29. salme, og titelen er som følger: «Den IX Psalme udlagt ve Johann Bugenhagen Pommer, hvori ogsaa Om Barnedaaben - til Christian, Konge af Danmark. Ligeledes Om de ufødte Børn og Om de Børn som man ikke kan døbe Anno 1542. Oversat fra Tydsk efter Johann Geort Walchs Udgave af M. Luthers Skrifter.»

Da Norge i 1811 fikk sitt eget universitet, ble det opprettet et teologisk fakultet som skulle utdanne prester. Til å begynne med var det bare en eneste lærer, Svend Borchmand Hersleb. Han hadde i sin tid bodd sammen med Grundtvig, og fått varige im-

pulser fra ham. Professor C. Fr. Wisløff trekker en linje mellom Grundtvigs brennende iver for Bibelen, og det inntrykk dette gjorde på Hersleb og dernest på Wexels. I Bjordal fant vi et talende eksempel på dette i en «Lærebog i Bibelhistorien» som professor Hersleb utarbeidet. (3. oppl. 1833).

Også i Bjordal finner vi en bønnebok: «Mag. Ludvig Hofachers Bønnebog tilligemed Christelige Betragtninger, Psalmer og Bønner for Nadvergjæster». Stavanger 1858. Den samme forfatteren hadde i sin tid utgitt «Prædikener paa alle Søn og Helligdage tilligemed andre Taler» - denne hadde de på Eik, og deres 3. utgave fra 1872 var «gjennemseet af pastor A. Grimelund».

Sjællandsbispen Nicolai Edinger Balle var den store teologiske lærer ved universitetet i København på den tiden G. H. Reiner var student, og som i sin tid også ordinerte ham til prest. I Bjordalsamlingen fant vi følgende bok: «Bibelske Søn og Helligdags Læsning indbefattende det nye Testamentes Bøger i Foreening med visse Stykker af det gamle Testamente. Samlede i Oversættelse med Anmærkninger ikke efter Bøgernes eller Kapiternes Orden, men efter Sammenhæng og Overensstemmelse i Henseende til Indholdet. Derhos afdeelte til gudelig Læsning paa Søn og Helligdage Aaret igjennem, af Dr. Nicolai Edinger Balle, Biskop i Sjællands Stift. Første Deel indeholdende det første Fierding Aar fra Advent til Fastelavn med Fortale af Geheimeraad og Stiftbefalingsmand Ove Høegh Güldberg.» København 1797.

En liten fillet og uanselig bunke papir holdt på å bli lagt til side som uinteressant, da jeg oppdaget at en del var salmer. Ved nærmere undersøkelse viste det seg at salmene var bundet inn sammen med: «Det ny Testamentes apokryphiske Bøger, eller nogle af den Herres Jesu Christi Disiplers og apostoliske Mænds Sendebreve oversatte paa Dansk efter Gottfried Arnolds tyske oversættelse i den Budingske Udgave af 1733.» Kiøbenhavn 1801. «Trykt paa Hans Nielsen Hauges Forlag hos Johan Rudolf Thiele». Var salmene rester av «Sande Christnes udvalgte Salmebog 1799»? Altså H. N. Hauges salmebok? Antagelsene viste seg å være rett. Og dermed kom vi over vårt første konkrete spor i Ørstdalen etter den store predikanten.

Pontoppidan forbinder de fleste med katekisme og konfirmantundervisning. I 1743 utgav han «Menoza, en roman om en asiatisk prins» som dro verden omkring og søkte kristne.

Biskop Hagesæther skriver om denne boken i «Hovedverker av den kristne litteratur» bd. VIII, at den ble lest rundt omkring i troende kretser. «Den viser den levende interesse for Indias folk, som ble vakt blant troende kretser ved den dansk-halleske misjon i Sør-India fra 1705 av, men også en glimrende verdens- og menneskekunnskap i det hele, og er skrevet med en så betydelig kunst, at den fremdeles i høy grad fengsler og interesserer.» Også denne boken hører med til boksamlingen fra Bjordal.

Den siste boken vi skal omtale er H. A. Brorsons «Troens Rare Klenodie», trykt i København 1834. Titelen betyr: «Troens sjeldne skatt». Den ble første gang utgitt i 1739 som en samling av salmer Brorson tidligere hadde skrevet og utgitt i små hefter. Det var gjennom «Klenodiet» Brorson fant veien inn i norske hjem og hjerter. Hans Nielsen Hauge tok inn 52 salmer fra Klenodiet i «Sande Christnes utvalgte Salmebog 1799.» Av disse var 23 Brorsonoriginaler, de andre oversettelser. I ettertid kan det være nytig å tenke på at Brorson ofte er mellomleddet mellom store tyske salmediktere og dansk-norsk kirkeliv. I den tidligere omtalte slottssalmeboken hadde Pontoppidan funnet plass for salmer av Brorson, men ettersom boken var lite utbredt, ble salmene heller lite kjent.

«Guds ord det er vårt arvegods, det våre barns skal være. Gud gi oss i vår grav den ros, vi holdt det høyt i ære.» Salmestrofen dukker fram ved slutten av denne artikkelen. Fra ideen ble unnfangen og til manuskriptet forelå, hadde jeg ikke noen anelse om hvilken åndelig arv og rikdom som skulle avdekkes og oppdages. Underveis gjør en seg derfor mange slags tanker om åndelig liv i Ørsdalen i tidligere tider. Om min egen tippoldefar Torkel Tormodson Wasbø heter det at han bare var til kirke to ganger i året etterat han kom tilbake fra svenskekriegen i 1814 - og det var ved altergangen om våren og om høsten. Man har talt foraktelig om «vanealtergang», om åndelig mørke og tørke når man ser på tidlige tider. Men gjør man fortiden rett med slike vurderinger? Troens liv har levd og overlevd fra slekt til slekt, gjennom generasjonenes gang. Og hvordan skjedde det? Ved å ta imot og gi videre. Når fortiden vurderes med en målestokk som rommer rike åndelige tider - da får fortiden dårlig ord på seg. Om vi derimot forstår tradisjon som et god-ord, og legger vekten på at det i første rekke betyr overlevering i troskap mot innholdet i det overleverte -

da kan en begi seg inn i en undringsreise. Bygdekultur er ikke bare å ta vare på gamle hus og forfedrenes redskaper, eller familiebildene og møblene - men å verne om, videreføre og forniye det åndelige liv som gav og som gir hverdagslivet sjel. I denne forbindelsen er det naturlig å understreke kristentroen og dens betydning.

Oppbyggelseslitteratur i Ørsdalens er selvsagt mer enn hva som her er trukket fram. Dette er stikkprøver inn i kulturlaget. Både på Hovland og på Vassbø var det bøker som ble lagt fram. Velbrukte, slitte - med manglende blad - som sporet til etterforskning. Det var slik vi omsider maktet å finne fram til at den gamle Bibelen på Hovland var trykt i København i 1824 - mens Frederik den sjette var konge. Eller at haugen med trykte ark var H. N. Hauges salmebok.

#### Tormod Wasbø

## På kyrkjeveg.

I denne artikkelen finn vi stoff som er samla og utforma av Åttesogelaget.

Før 1820-åra var det ingen kjørbare veier i bygda og heller ingen bruver. Det var enkelte gjennomfartsvegar, men desse var berre farbare med ride- og kløvhest. Mellom gardane var det opptrødde gangstiar og over elvane og bekkene var det vadestader der ein måtte vassa over. På kvar side av elva låg ein haug «gangstaurar» som ein støtta seg til når ein gjekk over elva.

Når folk skulle til kyrkja i desse tidene, var det ingen annan måte å koma fram på enn å gå, eller rida, dersom ein hadde hest. Somme måtte og ro deler av kyrkjevegen. Om vinteren når vatna var islagde, kunne det vera enklare å komma fram. Var det godt med snø, kunne dei kjøra med slede i staden for å gå. Men til gjengjeld var dagane stutte og det kunne fort blåsa opp til uver. Særleg lett var det vinterstid for dei på Veen som kunne ta tvers over både Vinjavatnet, Storavatnet, Hofreista og Svelavatnet. Elles gjekk kyrkjevegen deira om Sundvor, over Storavatnet, forbi Ivesdal, Eikeland, Øygard, Vikeså og til Bjerkreim. Dei på Malmei måtte enten ro til Ivesdal eller gå over fjellet då det ikkje var farbar veg i Ivesdal før ca. 1900. Frå Grøtteland og Austrumdal rodde dei ut vatnet og gjekk til Hegelstad. Saman med dei Spødervoll og Berland gjekk dei vidare langs Alvarstronnæ, på austsida av Svelavatnet, over elva til Oremonen og så til Bjerkreim. Frå Nordgardane følgde dei den gamle postvegen til Skjæveland forbi Vikeså og Svela, og vidare gjekk vegen høgt oppi Svelalia og til Bjerkreim. Ørsdølene brukte båt mesteparten av kyrkjevegen sin, men det var tidsvar ei farefull ferd og det kunne ta hardt på å ro det 18 km. lange Ørsdalsvatnet i motvind.

Til kyrkja kunne dei så komma i lange rekkjer. Gangstien var for smal til å gå to jamsides. Det var og skikk at mennene gjekk nokre steg føre kona.

Inne i kyrkja hadde kvar sin faste plass i benkene ved bygda sine «beste menn» lengst framme på den eine sida og tilsvarande for konene på den andre sida. «Den nederste Stol bliver efter Almuens Godhet overladt til alle Husmænd, som altsaa ej maa fortrænge Gaardmænderne i deres Stole». Slik heiter det i eit skriv om «Rangering i kirken» frå 1797.

Etter å ha drøst saman etter preika og fått høyrt nytt, tok dei på heimvegen. Mange av dei unge stansa gjerne att ved Fjermeldeskleiva der det var leik og dans.

Elles hadde dei faste kvilestader på vegen heim. I Stauravika i Svelalia er ein slik kvilestad. Her tok dei fram nista og stundom vanka det og ein dram. Og så kappreid dei, for å sjå kven som hadde den sprekaste hesten. Stundom var det og leik og dans.

I 1820-åra kom den første kjørbare vegen. Den gjekk frå Bjerkreim forbi Åsen og til Helleland, slik at presten kunne kjøra til kyrkja. Frå 1850-åra og utetter blei det bygd stadig fleire vegar, mange på dugnad, og mot slutten av 1800-talet kunne ein kjøra til kyrkja frå dei fleste gardane.



### Barnedåp.

Når eit barn var fødd var det om å gjera å få det døypt, for elles kunne huldrefolket ta det og byta det med eit av deira eigne born. Borna blei derfor førde til kyrkja første søndagen det var preik sjølv om dei var berre 2-3 dagar gamle. Var det vinterstid og lang veg til Bjerkreim eller sumarsdag og dei var langt innpå stølen, tok dei heimedåp på barnet og stadfesta så dåpen i kyrkja ved eit seinare høve. Kyrkjeboka fortel om mykje heimedåp, særleg om vinteren. Gardane i utkanten av bygda gjekk gjerne til nabobygda for å få døypt barnet. Soleis var det ei jente i Bjordal som skulle døypast ein vinterdag. Dei fekk granneguten til å bera henne på ryggen over heia til Tonstad på ski. Han sa då at han ville gifta seg med jenta når ho blei voksen, og omkring 20 år etter blei dei gifte.



### **Konfirmasjon.**

Når ungdommane var 15 år skulle dei konfirmerast, og så måtte dei til Bjerkeim nokre gonger i månaden, den sommaren, og «lesa for presten». Dei blei kalla for «Læsarungar». På 1700-talet var dette for mange den einaste skulen dei hadde. Og då gjekk dei til Bjerkeim eller dei fekk låna hesten og då blei det ofte kappriding på slettene.

Dei som budde langt vekke, som til dømes i Maudal, Austrumdal og Kviten, måtte gå dagen i førevegen og overnatta hjå slekt eller kjende.

Etterkvart som det kom kjørevegar samla alle læsarungane i ein krins, gjerne 6-7 stykke, seg saman, lånte hest og kjerre og kjørte til kyrkja kvar sin gong. Dette var vanleg til omkring 1915, då begynte dei å bruka sykkel. Den eldste i barneflokkene fekk då ny sykkel, og så brukte dei andre borna same sykkelen når dei skulle «læsa». I den tida fekk ein kanskje med seg nokre øre til å kjøpa drops eller wienerbrød for, og det var noko dei såg fram til. På heimvegen stansa dei frå Øvrabygda alltid ved Tasabekken i Svelalia og åt niste. Siste året læsarungane sykla til Bjerkeim var i 1968.

### **Brudlaup.**

Til eit brudlaup høyrer og ferda til kyrkja. Brudlaupet før varde i 3 dagar, og dagen etter at folket hadde kome saman skulle dei til kyrkja. Dei samla saman så mange hestar det var råd å få tak i. Dei sat gjerne to på kvar hest, men likevel blei det sjeldan nok til alle, så nokre måtte gå. Gamle folk og ungar var ikkje med til kyrkja, heller ikkje foreldra til brudeparet som måtte vera heime og laga brudlaupsmiddagen. Så reid dei i ei lang rekkje til kyrkja. «Brurareiæ» vart det kalla. Spelemannen gjekk føre med fela og spela «brureslagjæ», brudeslåtten. Så kom brudeparet. Spelemannen spela brudeferda ut av brudlaupstunet og så gjennom kvart tun dei for igjennom. Det var og vis å skyta, for å skrema bort alle vonde vette.

Dersom brudeferda gjekk over heia, der folk ikkje ferdast så tild i flokk og følgje, stansa dei på eit flatt berg og kvilte. Så tok kvar og ein sin stein og la to og to i rekkje etter kvarandre på berget for at folk seinare skulle sjå kor stort «brudleæ» (brudefølgjet) hadde vore. Desse steinane blir kalla brudle, og slike steinar er å finna på Vinjaheia på Veen.



## **Gravferdsskikkar frå hundreårsskiftet og fram til i dag**

Desse skikkane var med og knytte folket saman. Dei var til trøyst for dei som levde att, og det førde med seg alvorstankar om liv og død.

Når nokon døydde i ein heim, vart det hengt opp kvite laken for vindauge i den stova der den døde låg fram til gravferdsdagen.

Grannane hjelpte til med storvask, tak og vegger som var trekvite vart skura med sand og såpe. Naboane møtte opp med sending, dvs. mjølk, lefsa, gome og anna. Det kom vel med, for alle som kom i gravferda skulle få mat i heimen. Eitt måltid før ein for til kyrkjegarden og to gonger etter.

Folk vart bedne til gravferda. Ein gjekk rundt til slekt, grannar og kjende og bad til gravferda.

Det var sjeldan presten kunne vera med. Ein av bygdefolket heldt tale og seja salmesongen. Kisteloket vart ikkje lagt på før ein skulle bera kista ut, slik at alle fekk høve til å sjå den avdøde. Etter at folket hadde ete, gjekk dei ut i bua der den døde låg i kista. Der song dei ei liksalme før dei spikra loket på. Før dei bar ut kista sette dei tre brennande lys på loket og song den døde ut or garden.

Alle kledde seg i svarte klede og kista var svart, alt som teikn på sorg. Berre vaksne mannsfolk følgde til grava. Dei song salmevers når dei køyrdet forbi gardane. Var det ikkje snøføre så dei kunne køyra med slede, brukta dei likbåre. Det var to hestar som gjekk etter kvarandre med kista på skjeker mellom seg. Så måtte karane gå på sida og halda jamvekta. Når dei gjekk forbi gardstun, heldt folk opp med arbeidet og såg likfølgjet dra forbi, mennene med hatten i handa.

Når gravfølgjet var synleg frå kyrkja, ringde dei i kyrkjeklokken. Likeeins når dei bar kista inn gjennom porten. Før dei fekk fast gravar, måtte folk grava opp grava sjølve når dei kom til kyrkja, og dei måtte og grava over att sjølve. Så song dei ein salme før dei drog på heimvegen. Jordfestinga måtte ein venta med til første preikesøndagen. Då møtte slekt og vener opp. Dei følgde presten ut til grava etter gudstenesta. Der heldt presten ein kort tale og kasta jord på.

Desse skikkane heldt seg stort sett til bortimot 30-åra. Då bilane kom vart det etterkvart forandring. Det vart lettare for folk å komma fram. Presten kunne nå og nå fram, og vart etter kvart med i alle gravferder. Ein tok til å avertera gravfera i blada og bad til gravferd der. Skikken med å gå sorgjekledd minka og av etter kvart. Ein brukta berre eit sorgjeband kring venstre armen, ei tid brukta dei og eit svart band på jakkeslaget.

Skikken med svartmåla kiste minka og av, først tok dei til med kvite kister for born, seinare vart alle kister kvite.

Etterkvart vart det og mindre av at ein samlast i heimen. Kista vart sett inn i kyrkja og ein samlast der. Frå ca. 1940 vart dette hovedregelen. Nå var presten alltid med. Her i bygda samlar ei gravferd mykje folk, ja, stundom er kyrkja fullsett.

I staden for å samlast i heimen, samlast ein nå til ei minnestund på bedehuset, til eit måltid. Der vert det og sunge og gitt høve til minneord og vitnemål. Denne skikken ser og ut til å minka av.

Nå dør dei aller fleste på sjukeheimen eller sjukehus. Etterkvart har begravelsesbyråa teke seg av dei praktiske ting ved gravferdene.

(Dette stykket er skrive av Lars Apeland; nokre opplysningar er føydde til, desse kjem frå Ættesogelaget sitt arbeid.)

## Klokkarar i Bjerkreim

Klokkarombodet er gammalt. I mellomalderen, i den katolske tida, vart han mykje brukta. Det var og han som ringde med klokene, derav namnet.

Christian IV Kirkeordinans frå 1607 gjev påbod om at der skal vera ein «sognedegn til hvert prestegjeld som kan lede sangen i kirken og anden tjeneste». I eldre tid hadde Bjerkreim og Helleland same klokkaren. Desse har gjort teneste som klokkarar i Bjerkreim:


Wermund Andersson - budde på Svålestad	1645 -
Jon Rasmussen - budde på ein husmannsplass under prestegarden.	1696 -
Asbjørn Olsen Røysland	1715 - 1758
Ola Asbjørnsen Geitrem	1715 - 1758
Asbjørn Olsen Røysland	1750 - 1759
Per Kjetilson Kalveskog (kun kort tid)	1759
Ola Asbjørnsen Røysland	1771 - 1787
Vermund Ramsland	1787 - 1840
Andreas Ramsland	1841 - 1853
Skule Torstein Lomeland	1853 -

Etter Skule Torsteinson Lomeland var følgjande klokkarar i Bjerkreim:

Stueland  
T. Tvedt  
Kvammen (tilsett i 1897)  
Gitle A. Bjerkreim (fra ca. 1900)  
A. Ødegård (tilsett i 1919)  
K. G. M. Bjerkreim (tilsett 1939)  
Lars Apeland (tilsett 1963)

Stillinga som klokkar vart samanslegen med lærarstillinga ved Bjerkreim skule. Det vart innkjøpt jord til klokkargard med hus og fjøsbygning. Det var ca. 13 mål jord. Fjøset stod der skulen på Bjerkreim står i dag. Det vart rive for å gje plass til skulen. Ein del av leikeplassen som er asfaltert, samt skuletomta og fotballbanen var klokkarjorda. A. Ødegård var siste læraren som nytta klokkargarden og nytta fjøsbygningane. Det var etter påbod frå departementet at det vart innkjøpt gard til klokkarane kring i kommunane.

Lars Apeland



## **Organistar i Bjerkreim kyrkje**

Kyrkja fekk organen i 1914. Dei fyrste åra var det ikkje tilsett fast organist. Fleire lærarar vikarierte: Vinje, Olga Lyslo, Kvammen. Men etter nokre år vart Lisebeth Birkrem Espeland tilsett. Ho var organist til ho sa opp i 1929. Lærar Hanna Mykjedal vart då tilsett og var organist i mange år. Seinare var Arnfinn Ueland, Helleland, organist, men han spela berre ved gudstenestene, og Hanna Mykjedal fortsette å spela ved gravferder og bryllaup. Lærar Magnhild Storruste vikarierte ei stund då ho var lærar i Bjerkreim. Så blei Trygve Bjerkreim organist frå 1969. Han sa opp fra 1/9 1772. Frå då avløyste brødrene Bjerkreim kvarandre, etterkvart som dei eldre reiste ut for vidare skulegong.

Ludvig Bjerkreim frå 1972 - 1977

Ragnar Bjerkreim frå 1977

Kari Oma og Arne Bjerkreim vart tilsette frå 1. mai 1982. Dei delar organiststillinga og dei er organistar no.

## **Bjerkreim Menighetsråd/Sokneråd 1922 - 1985**

(Ein del av det protokollane fortel.)

Det første valet på menighetsråd vart halde i Bjerkreim kyrkje 13. januar 1922.

Det var vedteke på menighetsmøte 1. januar 1922 at der skulle veljast 8 faste representantar og 4 vararepresentantar til rådet. Det første møtet i menighetsrådet vart halde i Bjerkreim kyrkje rett etter gudstenesta 29. januar. Då vart presten Bergh vald til formann, Klaus N. Birkrem til «viceformann» og Nils Slettebø til kasserar.

Formann og nestformann fekk løyve til «i påkommende tilfelle å overlade kirken til dem som ønske det etter lovens bestemmelser og etter aanden i menighetsrådet».

Nestformannen blir innsett til å ha «det umiddelbare tilsyn med kirkene og til å ha det umiddelbare ansvar for deres vedlikekold».

### **Endringar i prestegjeldet**

Alt før loven om menighetsråd kom, hadde Bjerkreim sokn minst fire gonger søkt om å få verta hovudsokn i prestegjeldet, evt. bli skilt ut som eige prestegjeld.

Noko av det første menighetsrådet gjorde, var å senda søknad om å få fleire gudstenester til Bjerkreim. Etter ein del fram og tilbake og etter at biskopen var trekt inn, bestemte eit fellesmøte for Helleland og Bjerkreim at Bjerkreim skulle få fire nye gudstenester i året.

I 1927 sokjer Ivesdal kapelldistrikt om å få 12 gudstenester i året. I 1927 vel menighetsrådet «fire mand som indsender til Kirkedepartementet et motivered andragende om at Bjerkreim må blive hovedsogn».

I 1978 tek soknerådet på nytt opp spørsmålet om å bli eige prestegjeld/få eigen prest.

Situasjonen i dag kan summerast slik: Dersom Hå får ein ny prestestilling og presten blir buande i Også, kan Også sokn gå over til Hå prestegjeld. Dermed skulle Helleland kunna gå inn i Eigersund prestegjeld, og Bjerkreim bli eige prestegjeld.

### **Menighetspleien**

I 1922 gjekk menighetsmøtet inn for at menighetsrådet skulle vera styre for sjukepleieforeninga. Foreninga vart snart innmeld i Nationalforeningen mod tuberkulose.

I 1923 vart ledig plass for sjukepleierske i Bjerkreim avertert. Løna vart sett til kroner 1000 i året + fritt hus og brensel på fridagane. Først våren -25 vart første sjukepleierske tilsett.

I 1926 vart det røysta over om ein skulle lausriva sjukepleien frå menighetsrådet. Framlegget fall, og det gjorde det og i 1931 då det vart reist på nytt.

I 1939 melde menighetsrådet seg inn i «Landslaget for menighetssøsterarbeidet».

I 1946 vedtok menighetsrådet å «foreslå for menighetsmøtet at sykepleien løses fra menighetsrådet». Dette må og ha blitt vedteke, for seinare er sjukepleien ikkje nemnt i protokollane.

### **Språket**

Riksmål var lenge kyrkjespråket i Bjerkreim og. Alt i 20-åra fekk ein diskusjon om salmane til Elias Blix kunne brukast i

Bjerkreim. Menighetsrådet gjekk imot heilt til departementet gjorde det klart at dei kunne brukast i gudstenesta. Om det bare var det språklege som låg bak motstanden mot «Blixsalmerne», skal vera usagt.

I 1946 vart Nynorsk salmebok innført med røystetala 91 - 64. 1960 galde det avrøyting om det liturgiske språket. Her fekk nynorsk 97 mot riksmål 86.

### Dugnadsånd

Då Ivesdal kapell vart bygt (1886), var det etter mykje strid.

Det var først etter at fleire krinsar i Øvrebygda truga med å søkja seg over til Gjesdal herred og Lye prestegjeld at herredstyret i Bjerkreim forstod alvoret i situasjonen og gjekk inn for å byggja kapellet.

Detter er nok ein viktig grunn til at Ivesdal kapell har stått langt framme i folks omtanke.

Spesielt i 1930-åra då tidene var harde og ein hadde kosta mykje på Bjerkreim kyrkja i samband med 100-årsjubileet, er det interessant å sjå kva som blir gjort på Ivesdal. I 1930 vart kapellet tilbydd nytt orgel gratis. Heradstyret måtte bare skaffa organist og dekka skyssutgiftene.

Omtrent samstundes vart kapellet og tilbydd fri straum, bare eit vilkår var stilt: Dersom Bjerkreim kyrkje ein gong skulle få straum mot betaling, ville og dei på Ivesdal krevja betaling frå same dato.

I 1937 vart kapellet oppmåla innvendig. Det meste kosta av ein mann, Johannes Ivesdal. Det var og han som stod i spissen for arbeidet med altartavla året etter. Den vart og finansiert av private gjevarar. I tillegg skaut banken til ein del.

At dugnadsinnsats og gjevarglede ikkje bare er avgrensa til Ivesdal, har vi fått klare bevis for dei siste åra. Men likevel står det fast at folk i kapelldistriktet har synt særskilt stor omtanke og kjærleik til gudshuset sitt.

### Formenn og varaformenn i tida 1922-85

- |          |                                                          |
|----------|----------------------------------------------------------|
| 1922-24: | Pastor Bergh formann i 22-23. Klaus N. Birkrem i 24.     |
| 1925-27: | Pastor Hodnefjeld formann. Klaus N. Birkrem varaformann. |

- 1928-30: Formann: Klaus N. Birkrem. Varaf.: Norvald Espedal -28 -29. Nils Slettebø i -30.
- 1931-33: Formann: Klaus N. Birkrem. Varaf.: Gustav Gjedrem i -31. Wilhelm Bue i 1932-33.
- 1934-36: Formann: Johan Uhl. Varaf.: Wilhelm Bue.
- 1937-39: Formann: Johan Uhl. Varaf.: Wilhelm Bue.  
Dei same fungerte under krigen.
- 1946-49: Formann: O. K. Aure. Varaf.: Torkel Birkrem.
- 1950-53: Formann: K. G. M. Bjerkreim. Varaf.: Lars Vinningland.
- 1954-57: Formann: K. G. M. Bjerkreim. Varaf.: Lars Vinningland.
- 1958-61: Formann: K. G. M. Bjerkreim i 1958-60. Joakim Risnes i 1961. Varaformenn: Joakim Risnes i 1958, Lars Vinningland i 1959 og Hans Gjedrem i 1960-61.
- 1962-65: Formann: Joakim Risnes. Varaf.: Tønnes Ivesdal i 1962-63 og Ola Vigesdal i 1964-65.
- 1966-69: Formann: Joakim Risnes. Varaf.: Ola Vigesdal.
- 1970-73: Formann: Lars Apeland. Varaf.: Markvard Bjerkreim.
- 1974-77: Formann: Lars Apeland. Varaf.: Markvard Bjerkreim.
- 1978-81: Formann: Ola Birkeland. Varaf.: Lars Apeland.
- 1982-85: Formann: Ola Birkeland. Varaf.: Liv Gjedrem.

### Kasserarar

Nils Slettebø var kasserar så lenge han sat i menighetsrådet, frå 1922-1945.

Guro Laksesvela frå 1946-48. Ola Vigesdal frå 1949-1961.  
Tønnes Vikeså frå 1962-1981. Alvhild Helland frå 1982-85.

### Kyrkjeverje

Klaus N. Birkrem vart vald til kyrkjeverje i 1934. Heradsstyret stod då for valget.

Etter krigen har Sakarias Hegelstad fungert i mange år utan at det kjem fram av protokollane.

Gunnvald Helland 1978-1981.  
Ivar E. Espeland 1982-1985.


### **Kvinnerepresentasjon**

Ikkje mange kvinner har vore med i rådet. Først i dei siste periodane har det endra seg.

I perioden 1922-24 var Gudrun Gjedrem med. 1946-49 Guro Laksesvela. I perioden 1954-57 var Siri Ivesdal med. 1962-65 Anna Bue og Ingebjørg Tengesdal. 1966-1973 Anna Bue. 1978-81 Ingfrid Bjorland, Liv Gjedrem og Kirsti Veen. 1982-85 Ingfrid Bjorland, Liv Gjedrem og Alvhild Helland. Berit Tengesdal har møtt som fast vararepresentant.

### **Lengst tid i rådet**

Ola Vigesdal og Nils Slettebø har begge sete i 24 år. Johannes Ivesdal var med i 23 år men omkom straks perioden hadde begynt.



## Ved Bjerkreim kyrkje i gamle dagar

Denne artikkelen er eit utdrag av Jørgen Skjævelands særtrykk. Alle opplysningane i denne folkelivsskildringa er henta or den store tradisjonssamlinga hans. Særtrykket er frå 24 bind av «By og Bygd» og er forkorta her med samtykke frå forfattaren.

Her vil eg prøva å gje ei skildring av folkelivet ved Bjerkreim kyrkje, slik som gamle har fortalt at det var då dei var unge. Me kan tenkja oss at me er med ved ei gudsteneste ein påskedag ein gong i 1870-1880 åra. Folk kom kjørande på dei smale vegane nedanfrå og ovanfrå Bjerkreim. Nokre kom i karjol, andre hadde fjøskjerre med koffert oppå. Det var elles skikk at tenestefolka skulle få skyss til kyrkja eit par gonger i året. Hestene sette dei ned i uthus og livdakrær på Bjerkreim og Røysland. Dei som ikkje hadde hest, måtte gå kvart steget om det var både ei og to mil. Då gjekk alltid mannen 2-3 steg føre kona si, det var skam å gå jamsides. Ho bar på den lange salmeboka, sveipt inn i lommeplagget. Han hadde ikkje med noka bok, for han song ikkje i kyrkja likevel. Dei gjekk på treskor til dei kom så langt at dei såg tårnet på kyrkja, då stoppa dei og hadde på seg lærskorne, treskorne gøynde dei til dei skulle heimatt.

I den tida gjekk det eit reke med steingjerde på sidene bort mot kyrkjeporten. Nå samlast det meir og meir folk over heile Bjerkreimsgarden, dei tok kvarandre i hendene og helsa, dei radla og var fjåge. «Nå kjem presten», vart det ropa, og der kom han kjørande i karjol. Skysskaren sat bak på kofferten, presten sjøl sat framme i setet godt kledd i frakke og reisetøy. Han tok inn på ein gard der han kunne få stella seg litt før han gjekk til kyrkja. Han spaserte den korte vegen, og folkehopen delte seg i to, dei treiv til hattane, og presten gjekk som i ei gate mellom dei og lyfte på hatten utan å smila. Han snakka ikkje med nokon, men gjekk med raske steg inn kyrkjeporten medan klokka ringde og fortalte at nå kom presten.

Folk seig så smått inn i kyrkja, men det var fleire som stod att ute og snakka. I utskotet stod kyrkjetenaren og ringde inn. Han heldt høgre foten i ei lykkje i tauet og heldt også i med hendene. Så trødde han på og sleit i tauet i same takt som klokkene dingla. Folk stansa litt i utskotet og völte på håret og pussa av kleda, så

gjekk dei inn. Mannfolka sette seg på høgre sida, kvinnfolka på den venstre. I eldre tid hadde kvar mann fast kyrkjestol etter velstand og vørnad. Det var nummer på dørene inn til stolane, så kvar kjende sitt nummer. Husmennene måtte stå under heile gudstenesta og dei hadde plassen sin nedst ved døra. Ungdomma-ne gjekk som regel opp på lemmen (galleriet), der var det størst stas å få sitja ved handrekka. Då dei gamle hadde sett seg, bøygde dei seg framover og heldt handa for augo som til still andakt littegrann før dei småsnakka med sidemannen sin. Det gjorde både mennene og kvinnene.

Nå kom presten ut or sakristiet og gjekk inn i altarringen. Her hadde klokkaren på presten den kvite kappa og messehakelen. Så tok gudstenesta til. Klokkaren song føre, og etter han kom kvinnene, mennene song ikkje. Etter ei tid kom presten på stolen, og han tala godt og lenge. Då det leid uti preika hende det at nokre gjekk ut, nokre var alt leie, andre hadde ikkje tid til å sitja lenger. Det hende og at dei laga så mykje støy når dei gjekk at presten måtte be dei vera stille.


Etter gudstenesta samlast folket att uti Bjerkreimsgarden, kjenningar treftest og nevehelsast. Presten marsjerte atter i ei open gate gjennom folket, dei tagde og stod stille. Han lyfta hatten til farvel, streng og alvorleg som ein embetsmann skulle vera.

Då han var faren starta all slag handel, og dei som hadde bruk for tenestjenter kunne gå og finna den dei ville ha mellom dei jentene som hadde stilt seg opp for å få teneste. Mange av desse jentene var utabygds, og mange av dei vart seinare gifte i Bjerkreim.

Så kom lensmannen med noko papir i hendene. Han steig oppå «lensmannssteinen», ein høg stein, og mennene samlast rundt han, og lensmannen las opp kunngjeringane. Når han hadde lese opp alt, tok han fram posten som han skulle dela ut. Det var på denne måten dei fekk posten i den tida.

Nå tok dei eldre til å reisa heimatt, for nå hadde dei høyrt presten og lensmannen og fenge gjort dei ærenda dei hadde. Dei unge stansa att oppå Fjermedalskleiva og hadde dans og leik.

Omlag slik var folkelivet ved kyrkja i gamle dagar etter som dei gamle har fortalt.



## Bjerkreim kyrkja

(Tone: Å, tenk på Gud i ungdoms år.)

Sjå Bjerkreim kyrkja staut og stor  
stend reist på heilag, innvidd jord  
i fagre Bjerkreims grenda.

Sjå spiren som på tårnet stend  
han peikar opp mot Himmelen  
dit me må hugen venda.

No er ho hundre femti år,  
har trassa storm frå haust til vår  
med tårnet høgt mot lufta.  
Om vind og uver stormar stygt,  
stend Herrens tempel like trygt  
og fast på kyrkjetufsta.

Gud gjev at kyrkja enno får  
stå trygt og traust i mange år  
på fagre Bjerkreim sletta.

Gud verna om ditt kyrkjehus  
så ikkje det vert lagt i grus  
og gløymt av folkeætta.

Slekt etter slekt har vandra bort,  
med sorg i gjennom kyrkjeport  
til grava er dei borne.  
Og klokka med sin kjende ljod  
ho klang og ringde då som no  
og kalla kom frå tårnet.

Ja, gjev at me menneskeborn  
vil samlast inn til dette tårn  
som viser veg mot høgda.  
Då vil han vondt frå heimen snu  
og signa oss så me får bu  
med fred så trygt i bygda.